



Kvam herad



Med røter og føter i Kvam

Kommunedelplan for kulturminne 2017-2027



Innhold

Om plan og prosess, s. 5

- 1.1. Mål, s. 5
- 1.2. Plantype og avgrensing, s. 7
- 1.3. Planprosess og medverknad, s. 8
- 1.4. Forholdet til andre planar og lovverket, s. 11
- 1.5. Konsekvensar av planen, s. 16
- 1.6. Rullering, s. 17

Kvam i eit historisk perspektiv, s. 18

- 2.1. Naturgrunnlaget, s. 18
- 2.2. Førhistoria, s. 19
- 2.3. Mellomalderen, s. 24
- 2.4. Hamskifte og nye næringar på 1800-talet, s. 29
- 2.5. 1900-talet, s. 35

Status og utfordringar, s. 40

- 3.1. Kva er kulturminne?, s. 40
- 3.2. Utfordringar, s. 41
- 3.3. Kjente kulturminne og datagrunnlag, s. 42
- 3.4. Endringar i busetnad, infrastruktur og næringsliv, s. 51
- 3.5 Kommunen si rolle i forvaltninga av kulturminne, s. 51.
- 3.6. Kommunen som eigar, s. 52
- 3.7 Tilrettelagde kulturminne, s. 55
- 3.8 Samarbeid, s. 55
- 3.9. Tilskotsordningar og økonomiske virkemiddel, s. 58
- 3.10 Antikvariske prinsipp, s. 59

*Kulturminneplan for Kvam herad
vedteken i heradsstyret, oktober 2018*

*Framsidefoto: Sigbjørn Linga
Bladbunad: Øyvind Strømmen*

Strategiar for kulturminnevern i Kvam, s. 61

- 4.1. Kva skal kommunen prioritera?, s. 61
- 4.2. Kva for strategiar skal kommunen arbeida etter?, s. 62
- 4.3. Gul liste, s. 63
- 4.4. Retningsliner til omsynssonar, s. 63

Tema og prioriterte kulturminne, s. 65

- 5.1. Om gul liste i Kvam, s. 65
- 5.2. Hus, gard og tun, s. 66
- 5.3. Fjord, fartøy og fiske, s. 68
- 5.4. Reiseliv, s. 69
- 5.5. Forsamlingshus, s. 69
- 5.6. Krig og okkupasjon, s. 70
- 5.7. Industriarv, s. 72
- 5.8 Tettstader, s. 72
- 5.9 Veg og ferdsle, s. 74
- 5.10 Utmarka før og no, s. 76
- 5.11. Kulturlandskap, s. 78
- 5.12. Immateriell kulturarv og handlingsboren kunnskap, s.80

Handlingsplan, s. 85

Kjelder, s. 88

Vedtak i Kvam heradsstyre, s. 90



Utløe ved Bjørjæ (Tokagjelet). Foto: Odd Træbakken.

Om plan og prosess

1.1. Mål

Kvam er ein kommune som er rik på kulturminne. Å forvalta desse på ein god måte er eit felles ansvar. Det offentlege skal handheva lovverk, og syta for retningsliner og planar og oppfølging av desse. Kulturminne må integrerast i fleire sektorar som areal, landbruk, næring og skule. Dette må skje i samspel med privatsamfunnet, både grunneigarar og andre. Ikkje minst har frivillige organisasjonar ei viktig rolle. Som i dei fleste samanhengar, er engasjement og samarbeid nøkkelen.

Ein kulturminneplan skal venda blikket både bakover og framover. Kulturminne og kulturmiljø har me rundt oss på alle kantar, og desse kan hjelpe til med å visa oss samfunnsutviklinga fram til i dag. Dei er ein del av grunnlaget for å forstå oss sjølve og samfunnet, og er ressursar til kunnskap, bruk og opplevelingar. Kvam herad sin kulturminneplan skal sjå på korleis kulturminna kan vera med oss vidare. Dei kan ha verdi både som eit fotfeste, og som byggsteinar i utviklinga av samfunnet.

I skiftande tider er kulturminne og kulturmiljø noko av det som kan stå for stabilitet, og gje identitet. Men kulturen i eit område skal ikkje låsast fast. Endring er naturleg, og ofte bra. Kvam er i dag eit fleirkulturelt samfunn. Det gjev oss nye impulsar, og tilfører også kulturminne av andre slag enn det me gjerne tenkjer er typisk for Kvam. Kommunen får slik ein større rikdom på kulturminnefeltet. Kjartan Fløgstad skriv i romanen *Fyr og flamme* frå 1980 om den mytiske arbeidaren Hans Attrå, kalt Hertingen, fødd i barndommen til industrisamfunnet, at han «ikkje har røter, som gror, men føter, som går i to skor». Samstundes er det viktig å ha eit medvit om dei kulturtrekka som har bygd dei lange linene. Kva kjenneteikna Kvam i 1814? Kva kjenneteiknar Kvam i dag? Og kva vil kjenneteikna Kvam om to hundre år? Svara bør ikkje vera heilt like, men det er ynskjeleg om nokre felles punkt er å finna i alle svara.

Dei fleste kulturminne bryr seg lite om kommunegrenser. Dei er meir

knytte til garden eller grenda – til dei mindre einingane. Dei kan difor opplevast å ha sin vesentlege verdi i lokalmiljøet. Men det kan i tillegg vera både rett og nyttig å sjå kulturminna i ein større samanheng. Eit kulturminne kan utviklast og få ein auka bruks- og opplevingsverdi.

Kulturminne er ein mangslungen kategori. Ein skil mellom faste og lause kulturminne, mellom synlege og ikkje-synlege kulturminne, og mellom materielle og ikkje-materielle kulturminne. Ofte er det ikkje opplagt kva som skal ha status som kulturminne. Instinktivt kan ein tenkja at det som kvalifiserer er noko gamalt, og gjerne eit fysisk objekt. Men òg nyare ting kan vera kulturminne – og det treng ikkje vera noko fysisk ein kan ta og kjenna på. Eller kva med naturfenomenet «Gygraræve», ei 20 meter høg jettegryte ved Fyksesundet? Segna fortel at to trollkjerringar eller gyrrer på kva side av sundet var uvenner. Den eine av dei ville kaste eit fjellstykke over sundet, men fall og mista steinane, og slik kom Rossholmen til å liggja midt i sundet. I fallet planta gyra «ræve» si i bergveggen, slik at «Gygreræve» oppstod.

Om ein seier at noko har ein kulturminneverdi, har ein ikkje med det sagt kor stor verdi det har. Verdivurderingar vil verta gjort av mange, med ulike resultat. Ein privat eigar av eit kulturminne kan verdsetja det på sitt vis. Fagmyndigheter kan ha ei anna oppfatning. Politikarar kan koma til endå ein annan konklusjon. Når kulturminneplanen seier at enkelte kulturminne har høgare verdi enn andre, skjer det etter innspel frå ulike partar, før heradsstyret tek den endelege avgjerda.

Kulturminne og kulturmiljø er i dag rekna som fellesverdiar i samfunnet. I dei nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging av 12.06.2015 står det vidare at «kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål». Kompetanseutvikling i lokalforvaltinga er eit av satningsområda i det nasjonale kunnskapsløftet for kulturminnevernet, initiert av Klima- og miljødepartementet og Riksantikvaren.

I statleg politikk har vern av kulturminne to hovudfokus: Me skal sikra dei ikkje-fornybare ressursane frå øydelegging, samstundes som me

skal leggja dei til rette for lokal samfunnsutvikling og verdiskaping – vern gjennom bruk. Målet om ei berekraftig forvalting er formulert i stortingsmeldingar frå Klima- og miljødepartementet, der det mellom anna heiter at «planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverka til å hindra uønskt nedbygging av matjord og ivareta viktige kulturminne», og at «det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal minimerast».

Kulturminneplanen for Kvam har desse fire hovudmåla:

- Sikra god forvalting av kulturminne med verneverdi
- Auka kunnskapen om kulturminna i Kvam, og fremja aktiv formidling
- Leggja til rette for frivillig arbeid innan kulturminnevernet
- Styrkja kulturminna si rolle som ein ressurs i Kvam sitt utviklingsarbeid.

Kulturminneplanen bør verta innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel med generelle føresegner jf. plan og bygningslova (tbl) §11-9, arealføremål jf. tbl §11-7, omsynssoner med retningsliner og føresegn jf. tbl §11-8. Dette kan verta gjort i samband med høyring og offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdel.

1.2. Plantype og avgrensing

Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø (Kulturminneplanen) skal vere ein tematisk plan som omfattar heile kommunen. Planen tek utgangspunkt i eksisterande kunnskap og tilgjengelege registreringar, men i handlingsdelen vert det mellom anna skissert eit vidare opplegg for kulturminnetypar og områder som er dårleg kjent.

Planen omhandlar både materiell og immateriell kulturarv, og kulturminne frå både eldre og nyare tid. Vekta er likevel lagt på kulturminne frå nyare tid, dvs. slike som ikkje alt er sikra gjennom anna lovverk. Kulturminneplanen skal vera førande for all byggesaks-handsaming og planarbeid i kommunen.

For å sikra utvalde og prioriterte kulturminne og kulturmiljø etter plan- og bygningslova bør desse visast som omsynssone i kommuneplanen

sin arealdel, og eventuelt følgjast opp gjennom regulering.

Kommunedelplanen omhandlar desse tema:

- Hus, gard og tun
- Tettstader
- Fjord, fartøy og fiske
- Forsamlingshus
- Krig og forsvar
- Industriarv
- Veg og ferdsle
- Reiseliv
- Utmarka før og no
- Kulturlandskap
- Immateriell kulturarv og handlingsboren kunnskap.

Innanfor kvart av desse tema er det valt ut objekt og miljø som me meiner har særleg stor verd, og i handlingsdelen peikar me på korleis dei bør handsamast i planperioden.

1.3. Planprosess og medverknad

Kvam herad har i sin planstrategi for gjeldande valperiode, sak 092/12, vedteke at kulturminneplan skal vera ein prioritert kommunedelplan i Kvam. I brev frå Riksantikvaren, datert 14.12.12, vart fylkeskommunane inviterte til samarbeid for å styrkja kommunal kulturminneforvalting. I 2013 vedtok fylkesutvalet mål om at alle kommunar i Hordaland bør ha kommunedelplanar for kulturminne. Fylkeskommunen lyste ut tilskotsmidlar til utarbeiding av kommuneplanar og registreringsarbeid i kommunane. Kvam herad søkte i 2014 og 2015, - og fekk tildelt tilskot begge åra, til saman kr. 200.000,-.

Høyringsutkast til planprogram vart offentleg kunngjort etter vedtak i Kvam heradsstyre 17. februar 2015. Formannskapet er styringsgruppe og legg planforslaget ut til offentleg ettersyn, medan heradsstyret gjer vedtak om endeleg godkjenning av plan.

Høyringsfrist var sett til 10. april 2015. Det kom inn eitt høyringsinnspel,

frå Hordaland fylkeskommune. Endeleg planprogram vart vedteke av Kvam heradsstyre 16. juni 2015.

Planprogrammet seier at planen skal greia ut:

- Kva kulturminne som skal dokumenterast/registrerast
- Kva kulturminne som skal takast vare på
- Kva tiltak som må setjast i verk for at me skal kunna ta vare på kulturminna.

Planarbeidet har følgt ordinær prosess for kommunedelplanar etter plan- og bygningslova. Dette inneber at alle som har ynskt det har kunna koma med innspel både til innhald og prosess.

Prosjektorganisering

Styringsgruppe: Kvam formannskap

Prosjektansvarleg: Rådmann, Arild McClellan Steine

Prosjektleiar: Kultursjef Knut Markhus (til august 2016),

Frans-Arne H. Stylegar, Multiconsult

Prosjektgruppe: Kultursjef, Knut Markhus (til august 2016),
Frans-Arne H. Stylegar, Multiconsult (frå mars
2017)

Samfunns- og utviklingssjef, Jon Nedkvitne

Kulturkonsulent, Mary Ann Sørheim

Rådgjevar areal/plan, Leiv Ingmar Kaale

Randi Bårtvedt, Hardanger og Voss museum

Brita Træbakken og Anne Liv Soldal, Kvam soge-
og kulturminnelag

Saksordførar Nils Drage valt frå Kvam heradsstyre har følgd arbeidet til prosjektgruppa. Prosjektgruppa har hatt fem møte og to ekskursjonar/synfaringar. Det har heile vore tett dialog med Fylkeskonservatoren i Hordaland.

Medverknad

Hardanger og Voss museum og Kvam soge- og kulturminnelag har vore tett inn i planarbeidet som del av prosjektgruppa. Utover dette



Frå oppstartskonferansen i Kabuso. Foto: Knut Markus

har det vore lagt opp til møteplassar med frivillig sektor undervegs i planprosessen.

I desember 2015 gjennomførte Kvam herade eit større folkemøte i Kabuso, i samarbeid med Hardanger og Voss museum og Kvam soge- og kulturminnelag. Her kom det inn ein del innspel til planarbeidet.

Planprosjektet har hatt fellesmøte med alle grendeutvala, og planarbeidet har vore hovud- eller deltema på ulike offentlege møte gjennom planperioden. Det vart oppretta ei facebook-gruppe for planprosjektet. Denne fekk kring 450 medlemer, og her vart det på uformelt vis posta innspel og meiningsytringar. Det har òg kome innspel over telefon, e-post og gjennom meir uformelle møte. Alt i alt

har det vore eit relativt stort folkeleg engasjement for kulturminneplanarbeidet.

1.4. Forholdet til andre planar og lovverket

Lokale planar

Kommuneplanen er det viktigaste verktøyet i lokal planlegging. I samfunnsdelen til kommuneplanen 2015-2030 heiter det at kommunen «skal styra utviklinga i ei berekraftig retning». Kommunen sin visjon er at me skal «skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future». Det heiter at «Kvam er ... svært rik på kulturminne», og at «kommunedelplan for kulturminne vil ta for seg korleis ein forvaltar kulturminna, og korleis dei kan vera ressursar for utvikling». Vidare peikar planen på at Kvam er ein «inngangsportal» til folk som ynskjer å oppleva merkevara Hardanger, ei merkevara som må vidareutviklast i samarbeid med resten av Hardanger. Det skal spesielt satsast på vitjande gjester og andre som ynskjer unike opplevelingar, dei skal oppleve noko unikt når dei kjem til Kvam.

Andre relevante punkt i samfunnsdelen seier

- at det skal opnast opp for nye stadbundne næringer knytt til garden sitt ressursgrunnlag, som gardsturisme, opplevelingar og utvikling av utmarksnæringer,
- at det er viktig å leggja tilhøva til rette slik at frivillig sektor får gode vilkår og utviklar seg på eigne premiss,
- og at dei tradisjonelle møteplassane må vidareutviklast og supplerast med nye arenaer som samla vert opplevd som attraktive, inkluderande og tilrettelagte for større mangfold.

I kommunedelplanen for næring og kompetanse 2015-2023 vert det peika på at Kvam skal byggja vidare på den rike kulturen i regionen og utnytta potensialet for næringsverksemd basert på besøkjande til regionen endå betre, og at me vil sikra eit levedyktig småskala og stor-skala landbruk, oppretthalda eit levande kulturlandskap og stanse attgroing innan strategisk viktige område.

Relevant er også formuleringa i planprogrammet for kommunedelplan



Arkeologiske utgravingar i Indre Ålvik. Foto: Universitetsmuseet i Bergen / CC BY-NC-ND 3.0



for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2017-2027, der det står at me vil kartlegga og verdsetja friluftsområde for ulike brukargrupper.

Lovverket

Både nasjonale og internasjonale avtaleverk forpliktar oss til å ta vare på viktige kulturminne. Nedanfor vert dei to viktigaste lovene i denne samanhengen omtalt, med ei kort skildring av kva dei omfattar. Kulturminnelova er ei særlov og dermed overordna plan- og bygningslova. I tillegg til nasjonale lovverk finst internasjonale konvensjonar og avtalar som Noreg har forplikta seg til å følgja.

Kulturminnelova

Kulturminnelova sitt føremål (§1) er at «kulturminne og kulturmiljø skal vernast som del av kulturarven vår og identiteten vår, og som ledd i ei heilskapleg ressursforvalting. Det er eit nasjonalt ansvar å «ivareta desse ressursane som vitskapleg kjeldeinformasjon og som varig grunnlag for nylevande og opplevinga til framtidige generasjonar, sjølvforståing, trivsel og verksemd. Når det etter anna lov vert gjort vedtak som påverkar kulturminneressursane, skal det leggjast vekt på føremålet til denne lov.»

Lova vert forvalta av Klima- og miljøverndepartementet som overordna styremakt, med Riksantikvaren som fagleg sekretariat og overordna direktorat for den utøvande verksemda, og med fylkeskommunane, Sametinget og dei arkeologiske og marinarkæologiske musea som regionale forvaltingsledd.

Kulturminnelova vert altså ikkje forvalta av kommunen, men kan påverka saker kommunen skal handsama, mellom anna etter plan- og bygningslova. Kommunen må forhalda seg til kulturminnelova i alle saker der freda bygningar, anlegg eller miljø er rørt, og må dessutan melda frå til kulturminnestyresmakta dersom ikkje-freda bygningar frå før 1850 vert planlagt rivne eller vesentleg endra (Kulturminnelova § 25).

Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova inneheld fleire paragrafar som omfattar vern av kulturminne, kulturmiljø og landskap. I dei kulturminnesakene som vert handsama av Kvam herad, må dei krav som vert stilt, vera heimla i plan- og bygningslova. Dette omfattar enkeltsaker som byggje- og rivesaker, konsekvensutgreiingar og forslag til reguleringersplanar.

I plandelen er §3-1, 11-8, 11-9, 12-6 og 12-7 aktuelle, i det dei omfattar regulering til bevaring gjennom omsynssoner.

Byggesaker som omfattar kulturminne, vert handsama etter §31-1, som seier at «ved endring av eksisterande byggverk, oppussing og rehabilitering skal kommunen sjå til at historisk, arkitektonisk eller annan kulturell verdi som knyter seg til ytret til bygget, så vidt mogleg vert verna.»

Ansvaret for planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova ligg hjå heradsstyret, men er i stor grad delegert til nærings-, plan- og bygningsutvalet og rådmannen.

Eit utval andre aktuelle lover, meldingar og konvensjonar i stigande grad er det i dag behov for å sjå eit saksområde i samanheng med nærskyldde lokale og nasjonale samfunnsinteresser, her under andre lover eller offentlege meldingar som har eller kan ha direkte konsekvensar for interessefeltet:

- Naturmangfaldslova (2009) skal sikra at biologiske, landskapsmessige og geologisk mangfald og økologiske prosessar vert teke vare på.
- Kulturminnemeldinga Leve med kulturminner, St.m. nr. 16, 2004-2005) inneheld formuleringar og vurderingar av verdigrunnlag, mål og strategiar for ein fornya kulturminnepolitikk.

Internasjonale avtaler

På internasjonalt nivå finst fleire avtalar som Noreg har sluttar seg til, og som gjev føringar spesielt på statleg nivå; men der det for eit nærmare spesifisert fagområde – i dette tilfellet kulturminnevern – òg kan leggja viktige føringar for lokal handtering:

- UNESCO-konvensjonen om vern av «immateriell kulturarv» (2003), der målet er å verna den rikdomen immateriell kulturarv inneber, og å vera ei kjelde til utvikling og dermed ein ressurs for mange folkegrupper
- UNESCO-konvensjonen (1972) om vern av verdens natur- og kulturarv, som knyt saman vern av naturen med vern av kulturminne
- Den europeiske landskapskonvensjonen (2004), der føremålet er å verna, forvalta og planleggja landskap og organisera europeisk samarbeid på desse områda
- Venezia-charteret (1964) inneheld prinsipp for konservering og restaurering av kulturminne
- Malta-konvensjonen (1992) føreset at den arkeologiske kulturarven skal vernast som kjelde til det europeiske minnet og vera eit utgangspunkt for historiske og vitskaplege studiar.

I Kvam herad sin kulturminneplan, legg me til grunn at kulturminne er ein ressurs her og no, og også ein ressurs me forvaltar på vegner av dei som kjem etter oss. Både det offentlege og innbyggjarane i kommunen har eit ansvar for å ta vare på kulturarven på ein god måte. Men ikkje alle spor etter fortida kan takast vare på, og det er viktig at vurderingar rundt kva som skal prioriterast vert gjort på fagleg grunnlag.

1.5. Konsekvensar av planen

Planen har fleire funksjonar. Den skal vera med å gjera oss medvetne på kva kulturhistoriske verdiar med har i vår eigen kommune og korleis me kan forvalta dei til beste for oss sjølve og våre etterkomande generasjonar. Planen skal også leggja føringar på kommuneplanen sin arealdel, slik at det er samsvar i mellom kulturminneplanen og arealdelen.

Planen har også ein eigen handlingsdel, som må fylgjast opp kvart år. Oppfylginga kviler både på fylkeskommunen, kommunen og innbyggjarane i kommunen. Tilgang på ressursar til oppfylging vil i kommunen vera avhengig av dei årlege budsjettvedtaka i heradsstyret.

Planen skal også vera eit godt grunnlagsdokument for å søkja på

nasjonale og regionale midlar til oppfylging og forvaltning av ulike kulturminne i kommunen.

Skal me lukkast i den lokale kulturminneforvaltninga er me avhengige av eit godt samarbeid i mellom Kvam herad, lokale lag og organisasjonar, og einskildpersonar.

1.6. Rullering

Rullering av kulturminneplanen vil verte vurdert i planstrategien kvart fjerde år. Handlingsplanen vil verta vurdert i kommunen sitt budsjett og økonomiplan kvart år.

Kvam i eit historisk perspektiv



Kulturlandskapet på Fykse. Foto: Knut Markhus

2.1 Naturgrunnlaget

«Ein hage ved fjorden», heiter det ein stad om Kvam. Edellauvskogen veks frodigare her enn nokon annan stad i landet, og klimaet er korkje for varmt eller for tørt om sommaren eller for kaldt om vinteren. Den langstreckte kommunen ligg vendt mot sør, med solrike lier under bratte berg.

Under istidene oppstod Fyksesund ved breane sitt møysommelege arbeid. Og gjennom fleire isfrie periodar fann elvane seg laup langs

sprekker og forkastingar i berggrunnen, og skar tronge dalar som framleis pregar naturlandskapet i Kvam: Tokagejelet, Mundheimsdalen, Laupsadalen og fleire andre.

Mykje av det beste jordbrukslandet ligg ved fjorden i Strandebarm, Vikøy, Øystese og Tørvikbygd. Berggrunnen her består til dels av næringsrike og lettvitrande skifrar. Så vel det mjuke og lettsmuldrande fjellet som morenemassar frå istida gjev grunnlag for gardsdrift og frukt-dyrking. Aust om Fyksesund vert fjellsidene brattare og jordsmonnet meir skrint. Den marine grensa, som inst i Steinsdalen er 84 meter over havet, er øvre grense for det meste av busettinga i Kvam.


Områda ut mot fjorden får tidleg vår og mykje sol, og har lang vekstsesong. Medan snøen enno dekker fjella på Kvamskogen i april, pryder kvitveisen skogbotnen i Strandebarm.

I fjellområda er nedbørsmengdene relativt store, og kjem i vest opp i meir enn 3400 mm i året. Det er desse nedbørsmengdene som vert utnytta av kraftverka i kommunen. Ved fjorden regnar det mindre, mellom 2100 og 2400 mm i eit vanleg år.

Gardane i Kvam ligg stort sett i tre «etasjar». Dei beste gardane finn ein ned mot stranda eller i den flate Steinsdalen. Bruk i hall som vender mot sør, sørvest eller søraust, har i regelen gode vilkår for fruktavl. Gardane i «andre etasje» ligg for det meste 80-200 m.o.h. På stader som ligg lunt til, har dei kunne dyrka salsfrukt på desse bruka og. Ikkje så få gardar ligg høgt til på Vestlandet å vera, om lag 300 m over havet.

2.2 Førhistoria

I tidene frå før me har skriftlege vitnemål, er arkeologiske funn den viktigaste historieforteljaren. Ein tommelfingerregel seier at Hordaland vart busett for omkring 10 000 år sidan, og først i kystområda. Dei eldste spor av menneskeleg aktivitet langs Hardangerfjorden er frå kring 7 000 f.Kr., utan at det betyr at det gjekk tusen år før dei som heldt seg ved kysten fann fram til våre strøk. Me har berre ikkje funne eldre spor så langt.



Helleristningar på Ytsheim i Vangdal. Foto: Johs. Bøe
Universitetet i Bergen. CC BY-NC-ND 3.0.

Det finst fysiske vitnemål frå eldre steinalder (10 000-4 000 år f.Kr) i Kvam. Ved Salthamaren i Vangdalsberget sette steinalderfolk merke etter seg for 6000 år sidan, eller noko før det. Helleristningane deira syner dyrefigurar, men berre to av dei er no fullstendige. Dene er i tykkjест vera ein elg, den andre ein hjort. Her er også eit par menneskefigurar. Fleire tusen år seinare rissa bronsealderbønder inn skipsfigurar i same berget, men nærmere sjøen. Det er uvanleg å finna helleristningar frå heilt ulike tider i same berg. Salthamaren er såleis ei sjeldan historiebok.

Eit anna interessant kulturminne frå eldre steinalder er helleristninga på Bjelkaneset. Biletet av ein hjort er synleg rett på oppsida av fylkesvegen. Det var truleg veidefolk som gjorde helleristningane både i Vangdal og på Bjelkaneset. Desse menneska levde av jakt, fangst og fiske og flytta seg frå plass til plass, der dei etterlet seg spor etter enkle bustader. Den vanlege tolkinga av veideristninga er at dei er eit uttrykk for magi i samband med jakt.

Inn i den yngre steinalderen (4 000-1800 f.Kr.) er biletet det same som i førre periode. Det er langt fleire arkeologiske funn på kysten enn innover Hardangerfjorden. Funna frå Kvam tyder på at

livsgrunnlaget framleis bygde på fiske, fangst, jakt og sanking. Spreiinga av funn, stort sett av reiskaper av stein og flint, tyder likevel på at territoria låg tettare enn tidlegare, og me har funnkonsentrasjonar mellom anna ved Fyksesund/Kvamsøy og rundt Berge. Samstundes skjer det endringar i reiskapskulturen. Eit lausfunn av ei såkalla tjukknakka flintøks på Neteland i Steinsdalen gjev interessant informasjon. Ho er datert til 3300-2400 f.Kr., og høyrer eigentleg til innanfor den sørskandinaviske jordbrukskulturen. Dette var før jordbrukskulturen fekk fotfeste i Kvam, men funnet er eit teikn på at dei som heldt til på Neteland hadde kontakt med jordbrukarar. Kan hende hadde dei også byrja å halda husdyr eller dyrka korn.

I hundreåra mellom 2400 og 1800 f.Kr. voks busetnaden langs Hardangerfjorden betydeleg, om ein baserer seg på funnmengda. No vart jordbruksstilhøva stadig meir avgjerande for kvar folk busette seg, og dei sette opp eigne bygningar og hadde åkerlappar der dei dyrka bygg. Funn frå bronsealderen viser at samfunnet har enda seg. I Vikedal ved Ålvik vart det tidleg på 1900-talet gjort eit stort funn av tre halsringar og smykkenåler av bronse, datert til 6-700 f.Kr. Slike funn, bortgøynde i mark og urd, vert kalla depotfunn. Me veit ikkje om dei skal tolkast som bortgøynde skattar eller som offer til guddomar og vette.

Langs Hardangerfjorden finst ei mengd gravrøyser av eit særmerkt slag. Dei er bygde av stein og vantar heilt jordfyll. Somme kan vera fleire meter høge og over 20 m i tverrmål. Ofte ligg dei på fram-skotne, høge knausar, tett ved fjorden, og verkar dominerande i landskapet, særleg sett frå sjøsida. Dei er fjordlandskapet sin parallelle til kystrøysane, som der ute pregar landskapet langs leia. I Kvam vart røysane kalla «munkerøysar». På strekninga frå Ljones til Eidesvågen har det vore minst 25 stykke. Mange av dei finst framleis. Nokre av dei største ligg på Vikingnes, søraust for Ljonesvågen. Få funn er kjende frå fjordrøysane, men ved gransking av eit par stykke ved Straumasteinen, under Eide, vart det gjort funn frå yngre bronsealder. Andre har gjeve funn frå jernalderen.

I eldre jernalder, perioden frå 1-550 e.Kr., aukar funnmengda kraftig. Mange av gravhaugane i kommunen skriv seg frå desse århundra. Dei vitnar om at det no, om ikkje før, hadde vakse fram eit samfunn med gardar og bygder. Den store Kongshaugen eller Mundhaugen på Mundheim, som er 24 m i omkrins og 3 m høg. Han har vorte undersøkt i fleire omgangar og inneholdt fleire gravleggingar. Kongshaugen var tidlegare tilgrodd med vettetre (tre som ein meinte stod i samanheng med dei underjordiske), som bøndene på Mundheim haldt for heilage. Ein meinte at det var ein gamal «kong Monne» som låg i haugen. Andre haugar som har gjeve rikhaldige funn, finn me på gardane Byrkjeland, Øystese og Indre Ålvik.

Dei arkeologiske kjeldene viser at Mundheim og mange andre gardar i Kvam var rydda allereie i eldre jernalder, men det er vanskeleg å fastsetja tal på gardar. Her kan ein annan type kulturminne vera til hjelp: stadnamna. Desse kan gje informasjon om busetnadsmønsteret og om når gardane vart etablerte. Namn med ending på -vin- og -heim (Mundheim, Norheim, Sandven, Øystese osb.) reknar ein går tilbake til eldre jernalder eller enda tidlegare. Gardsnamn med namnelekkar som endar på -stad, -land, -tveit og -set(er) har me fleire av, og desse



Utgrawing av hustuft frå eldre jernalder, Øvre Øystese. Foto: Trond Eiliv Linge.
Universitetet i Bergen. CC BY-NC-ND 3.0.

namna vart særskilt brukte i yngre jernalder, frå ca. 600 til 1000.

Det kan vera vanskeleg å få eit klart bilet av korleis menneska på denne tida levde, og kven dei var. Først når dei byrjar å ytra seg skriftleg, trer dei tydelegare fram.

I 1950 vart den kjende Rosselandssteinen funnen. Han låg på det tidspunktet i ein låvemur på Rosseiland. På eine sida står 25 runeteikn: **ekwagigaRirilaRagilamudon.** Steinen er datert til folkevandrings-tida (350-550 e.Kr.).

Teksten kan lesast slik: «Eg, Wagigar, Agilamunda sin erilar». Sjølv om Wagigar var runemeister, var kvenna Agilamunda truleg høgare på rangstigen enn han. Erilar må være Wagigars «tittel», men ein veit ikkje sikkert kva den står for. Språkleg heng ordet saman med jarl og folkenamnet heruler. Det er sjeldan at innskriftene frå denne tida fortel om runemeistrar i teneste hos ei kvinne. I ein gravhaug i Tørkvikbygd viste to av sidehellene i eit stort gravkammer frå folkevandringstida å ha runeinnskrifter. Dei er vanskelege å tolke, men truleg står det **landawarijaR** – «han som vergar landet» den eine.

I seinare år har ein gjort fleire funn



Frå Rosseland mot Norheimsund.
Foto: Kjell Falck. Universitetsmuseet i Bergen. CC BY-NC-ND 3.0.

av busetnader frå jernalderen i Kvam. På Mikkjelsflaten i Øystese fann arkeologar frå Hordaland fylkeskommune spor etter hus, kokegropar osb., og ei utgraving på Øvre Øystese så seint som i 2014 avdekkja både kokegropar og ein mur som kan ha vore del av eit temmeleg stort hus. På Tolo i Norheimsund kom det fram ei mannsgrav frå yngre jernalder året etter. Ho inneheldt sverd, spjot, fleire pilspissar, krokar og hekte av ulike slag, og reiskaper som ljå, sigd, kniv og bryne. Eit beisle tyder på at den gravlagde også hadde fått ein hest med seg i grava.

Fleire stader i Kvam finst dessutan kulturminne som viser at folk no også dreiv med næringar som ikkje var direkte knytt til jordbruket. Det gjeld til dømes nokre kolgropar ved Fitjadalsvatnet ovanfor Øystese, som vitnar om jernframstilling. Nokre av kleberuttaka i kommunen – som det såkalla «Grotholet» i Gravdal – kan likeeins gå heilt tilbake til slutten av jernalderen.

2.3. Mellomalderen

Ved overgangen mellom mellomalder og nytid såg forfattarane tilbake på hundreåra forut for deira eigen tid. Absalon Pederssøn Beyer skriv i si *Om Norgis Rige* frå 1567, at «udi Hardanger brender man maadelig got salt, der vanker godt smør, fæ, lax, vildvare. Disse Hardanger have i fordom tid verit saa rige, mandelige oc duelige, at de have seglet til Grønland, Island, Bjarmeland, oc ført dit salt, jern oc andre gode varer, og have de havt der til store skib, som deris store naust, murede op med stene, nocksom tilkenne give».

Peder Claussøn Friis (*Norriges Beskrivelse*, 1613) fortel at det «i Hardanger er Querneberg og Helleberg, oc huggis her mange utallige Quernesteene, eller Møllesteene, som siden føres vijde om Landet, oc Hellerne, det er tyndhuggen Steene, bruger mand til at bage det tynde Brød Fladbrød paa, oc somme af samme Heller blifue hugne 2 Alne lange, oc 1 ½ alne brede, til at tørre Korn oc Haffre paa».

Dei to forfattarane dokumenterer at det mangesysleriet som var eit kjenneteikn på gardslivet i vårt område i nyare tid, også fanst i mellomalderen (1000-1550).

Men sjølv om saltbrenning, veiding og sjøvegs handel med jern og kvernsteinar var næringar som prega Hardanger, er det ingen tvil om at det var garden og gardsdrifta som sette rammene for det daglige livet for dei fleste menneske i Kvam, og at tunet var midtpunktet.

Gulatingslova reknar med at eit normalt gardsbruk skulle ha minst tre innhus: stova, buret (stabbur, som vert kalla «sta:bre» i Kvam) og eldhuset. I stova oppheldt ein seg, og der sov ein. Mellomalderkjeldene nemner ei stove på Vikøy alt i 1317, og noko seinare høyrer vi om stover på Håbrekke og Sandven. Røykstovene stod mange stader i Kvam til langt ut på 1800-talet, og einskilde stover eksisterer framleis. Eldst av dei er truleg stova på Drage, som er årningsdatert til kort tid etter 1523. Bortsett frå smie og eldhus, var røykstova den einaste bygningen som vart varma opp. Floren og sauefjøset var gjerne tømra slik som innhusa. Kyrne mjølka best i mørk flor, heitte det i Kvam. Løa var grindbygd, for ho skulle ikkje vere for tett, slik at høyet fekk tørka om det ikkje var heilt tørt før det kom i hus.



Vikøy prestegard.
Foto frå Kvam
herad sitt arkiv.

Det var vanleg å dyrka havre i Kvam, og folk meinte at klimaet i dei ytre delane av heradet ikkje eigna seg godt for bygg. Noko seinare, ut på 1700-talet, vert det fortalt at ein la vekt på husdyrhaldet, og at bøndene i Vikøy helst ikkje ville dyrka opp eng og slått, men heller ville ha mest mogleg beite og flest mogleg dyr, slik at dei kunne selja slaktekveg, smør og kjøt til Bergen, eller over vidda til Kongsberg. Det er kan hende denne spesialiseringa som ligg bak Absalon Pederssøn Beyer sitt utsegn om at «der vanker godt smør, fæ» i Hardanger, og at verksemda soleis er eldre enn t.d. etableringa av Kongsberg i 1624.

I mellomalderen viser kjeldene elles at det kunne vera store sosiale skilnader innanfor bygdesamfunna. Ein gard som Sandven var mellom dei aller største gardane i Hardanger, og fleire stader i Kvam finn me personar og slekter som må reknast til aristokratiet: Guttorm på Norheim, Peter den unge på Sandven, riddaren Ivar Sle på Oma og andre. Nokre satt på store rikdommar. I oktober 1341 var godset som høyerde til Margreta Torbergsdotter talt opp på Berge i Strandebarm. I tillegg til 120 mark «forgilde» i klede, husbunad og korn, 10 øre i gullsaker og $5\frac{1}{2}$ mark i forgylte sølvsaker og 1 sølvskål til 12 øre – som representerte ein stor formue i seg sjølv, eigde ho til saman 30 månadsmatbol (eigentleg målleeining for jordstorleik, der ein månads-matbol kunne gjeve mat for ein mann i ein månad) i gardar i Vikøy og Jondal, og ho fekk 8 månadsmatbol til av sin kommande ektemann, Ivar Erlingsson. I tillegg hadde ho eigedomar i Trøndelag. Berre dei årlege inntektene av jordegodset hennar i Vikøy og Jondal ville vere tilstrekkeleg til å fø to hushaldningar, og dei 120 mark «forgilde» i lausøyre svara til to årsinntekter for ein gjennomsnitts-aristokrat midt på 1300-talet. Ein gard på 9-10 månedsmatbol var på det tidspunktet rekna som ein «full» gard, og mange gardar var mindre enn det. Dei minste gardane i mellomalderen kunne vera sers små, og dei som budde der var nok avhengige av å arbeida for andre. Margreta på Berge og hennar like må med andre ord ha vore høgt heva over bygdesamfunnet.

Dei fyrtse kyrkjene i Kvam var truleg komme på plass alt i byrjinga av mellomalderen, eller endatil i slutten av vikingtida. Stavkyrkjene frå

mellomalderen er rivne både i Øystese, Vikøy og Strandebarm, men på dei to sistnemnte stadane står dagens kyrkjer meir eller mindre på same stad som deira forgjengrarar. Kyrkja i Øystese vart derimot flytt på 1800-talet. Etter segna var det lokale kyrkjelandskapet annleis i Kvam enn no i mellomalderen. Restar av ei i kyrkje på Nanes skal framleis ha vore synlege på 1700-talet; ho skal ha blitt flytt derifrå til Øystese fordi kraftig sjøgang skapte vanskelege landingsforhold. I ei hole på Hattastruten i Bergstø skal det ifølgje ei anna segn ha vore gravplass før den første kyrkja vart bygt.



Øystese kyrkje, bygd i 1868. Foto: Øyvind Strømmen.

Ei verksemd som i mellomalderen var knytt til kyrkja, var gilda. Dei norske gilda var i første rekke forbund for gjensidig støtte og vern, og med eit religiøst preg. Me har kjennskap til fleire slike gilde, mange av dei på Vestlandet, og eit par av dei var lokalisiert i Hardanger. Det eine var St. Nikolai gilde i Øystese, oppkalla etter St. Nikolai, som mellom anna var skytshelgen for sjøfolk og handelsfolk i katolsk tid. Gildet i Øystese er nemnt i 1482, då biskop Olav i Holar på Island gjev tretti dagar i avlat til brørne og søstrene i gildet når dei vedgår sine synder og bøter for dei.

Kvam av i dag kryssar ei gammal grense mellom Strandebarm og Kvam, frå Tørvikbygd til Torsnes i Jondal. I mellomalderen gjekk grensa mellom Hardanger og Sunnhordland sysler her, og seinare var dette skiljet mellom dei to fogderia Hardanger og Søndhordlehn. Kvam høyrd til Hardanger, Strandebarm til Sunnhordland. Målføret i Strandebarm fortel tydeleg om det gamle kultursambandet med sunnhordlandsbygdene. Strandebarm og Kvam (Øystese) utgjorde òg to skipreider i mellomalderen. Ei skipreide var eit avgrensa område der innbyggjarane var kollektivt ansvarlige for å byggja, halda, rusta ut og manne eit langskip til bruk i forsvaret av landet. Dei to store nausttuftene som framleis er tatt vare på i kommunen – i Skipadalen på Valland og på Hamn i Dysvik – meiner ein har vore leidangsnaust i kvar si skipreide. I leidangssystemet inngjekk vidare vetane, som vart tende når fiendtlege skip nærma seg kysten. Bjørkeveten stod i samband med veten på Oksen i aust og veten på Vitefjellet i Varaldsøy i vest.



Restar av tomt etter leidangsnaust, Hamn. Foto: Knut Markhus.

2.4. Hamskifte og nye næringar på 1800-talet


I 1859 slo eit nygft par seg ned på Skåre i Øystese. Bonden og jakteskipperen Viking Nilsson (f. 1827) var harding, mens kona, Rakel Sørensdotter (f. 1829), var husmannsdotter frå Søgne i Vest-Agder. Ho kom frå ei bygd som i lang tid hadde stått i kontakt med den store verda, gjennom skutefart på Danmark og arbeidsvandringar til Amsterdam og andre hollandske byar. Som så mange andre sørlandsjenter, var Rakel prega av pietistiske haldningar. Til Skåre hadde ho med seg tre gjenstandar som skulle få stor betyding for utviklinga i bygda: Ei steikepanne, ei nattpotte og ein jernomn – alt saman ting som var i vanlig bruk i Søgne på det tidspunktet, men ikkje i Hardanger. Ein av dei første tinga Rakel gjorde, var å forsyne stova på Skåre med sydde gardiner for å skjerma mot innsyn. I åra som kom, skulle husmannsjenta frå Søgne komme til å personifisera hamskiftet i bondesamfunnet i Kvam med omsyn til matstell, mjølkestell, hygiene, ljos og varme og lagring.

Husmannen Nils Larsson Budalen i Øystese skreiv dagbok fram til han døde, 60 år gammal, i 1869. Dagboka dokumenterer mange av dei store endringane som fann stad i bygdene rundt fjorden i denne perioden. Dagboka til Nils Skaar på Skoro i Fyksefjorden, som var stortingsmann midt på 1800-talet, er òg tatt vare på.

Folketalet i Hardanger vart om lag fordobla frå vel 8000 til 16000 menneske mellom 1750 og 1850, sjølv om det også fanst kriseår, som under napoleonskrigane i 1807-1814. All jord vart utnytta, like frå fjøresteinane til fjellet. Slåttemarker kunne ein finne mest over alt, og innover fjellet låg stølane tett. Det var framleis korn- og potetåkrane på heimebøane som gav mesteparten av basisføda, mens slåttemarkene og skogen gjorde det mogeleg å få dyra over vinteren. Folkeauka hadde ført til kraftig oppdeling av gardar og bruk, og det var blitt fleire eigedomslause i Kvam: husmenn, innerstar og strandsitjarar. Etter kvart førte overskotet på arbeidskraft til at mange flytta frå bygda. Mellom 1850 og 1914 drog over 7000 menneske frå Hardanger til Amerika.

Hardanger var eit jordbruksamfunn prega av attåtnæringar, og

båtbyggingsverksemda var ei av dei næringane utanfor jordbruksområdet som også sysselsette husmenn. Slik var det til dømes i Strandebarm, der Ljonesvågen, Linga, Oma og Tveit var viktige byggjestader for båtar. Det same var Laupsafjøra i Øystese og Stekka i Tørvikbygd.



Robåt frå Hardanger. Foto: Knut Markhus.

Inntektene frå ulike attåtnæringer sette fart i moderniseringsprosessen lokalt, og det vart skipa bygdesparebankar. Strandebarm Sparebank var først ute i 1852, medan Kvam fekk sparebank i 1860 og Øystese (Østensjø Laaneindretning) enda to år seinare. Det var særleg fartøy næringa som trøng kapital. Til å frakta varene sine den lange vegen til torgs i Bergen, hadde dei meir velståande fjordbøndene tidleg bygd seg større, opne fartøy, og etter kvart var hardangerjakta, eit einmasta fartøy med både gaffel- og råsegl, blitt eit vanleg syn på fjorden. Hardangerjakta var rekna for noko av ein skarpseglar, og med jakter opererte hardingane langs heile kysten. Gullalderen til fraktefarta var perioden 1850-1880, og omkring 1860 høyrde kvart tredje fraktefartøy i fylket heime i Hardanger, mange av dei i Strandebarm og Kvam. Varene var i første rekkje fisk, men også

ved, hatleband og stav til tønneproduksjon, frukt, mjølkeprodukt og småbåtar, medan dei tok korn og ulike byvarer i returlast.

For å sikra tilgangen på mat var det første kornmagasinet i landet blitt skipa i Eidfjord i 1775, og nokre år seinare var det komme eit i Kvam også. Jordbruket var i stor endring gjennom 1800-talet. Billeg importert korn førte til at heimebøane vart omlagde til kunsteng, med større vekt på husdyrhald. Nye husdyrraser, som telemarksfe, gav betre avkastning enn dei gamle. Slåmaskiner og andre hjelpemiddel gjorde at hesten kunne ta over ein del av det arbeidet som før berre kunne gjerast med handemakt. Fruktdyrking i større skala hadde teke til i slutninga av 1700-talet. Dette var no ei stor verksemd i første rekke i Ullensvang, men òg i Strandebarm. Først etter 1850 vann fruktdyrkinga fram i resten av Kvam, som i 1900 hadde 10 000 frukttrær, og sju år seinare meir enn det doble.

Det verkeleg store omskiftet for jordbruk og gardssamfunn i Kvam kom fra 1880-talet og fram til 1. verdskrig. Då hadde store jordskifte gjort slutt på småteigane, og kvart bruk fekk samla jorda, slik at kvar gardbrukar kunne flytte ut frå den gamle fellestuna og byggje moderne driftsbygningar på eigne bruk. Samstundes kom grøfting og nye gjødslingsmetodar, og mekaniske reiskapar letta gardsdrifta. Hushaldet vart lagt om frå sjølvberging til sal av jordbruksvarer. Mot slutten av hundreåret kom lokale småmeieri og tok ein del av oste- og smørproduksjonen. Steinsdalens meieri var det fyrste i Hardanger, det vart skipa i 1888. Då dei store fellestuna vart oppløyst, kom det òg inn nye stilimpulsar, som sveitsarstilen, og nye måtar å tenkja hus på. Dei nye husa på gardane var lyse, luftige og store, og dei hadde ofte kjellar til lagring.

Også på andre vis vart Kvammasamfunnet modernisert på denne tida. Rutebåtane innførte så å seia ei ny tidsrekning; dei kom dagleg til faste tider og på faste stader. Rundt stadene der båtane hadde anløp, vaks det fram sentra med handelsmann, handverkarar, post og etter kvart telefon. Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap, HSD, kom i 1880, med båtar som «Hardangeren», «Vøringen» og «Folgefonden».

I 1871 vart det dessutan bygd ferdig køyreveg gjennom Steinsdalen frå Norheimsund. Eit av dei vanskelegaste partia var dei tre kilometrane gjennom Tokagjelet, der vegen måtte sprengjast ut or fjellet.

Det første veganlegget der stod fyrst ferdig i 1907. Frå no av var det mogeleg å ta seg til Bergen landevegen på 9 timer. Fyrst 7 ½ time med hesteskyss til Trengereid, og så 1 ½ time med tog vidare til byen. I 1909 kjøpte hotelleigaren Nils Sandven ein automobil av typen «Windhof», og med den kjørte han strekninga Norheimsund – Trengereid på tre timer.

Dei nye kommunikasjonane, og særleg dampskipstrafikken, førte til stor tilstrømming av turistar i andre halvpart av 1800-talet. Hardanger var blitt sjølve biletet på det nye, sjølvstendige Noreg etter 1814, og kulturuttrykk som hardangerbunaden og hardingfela vart opphøgde til nasjonale symbol av kunstnarar og intellektuelle i Christiania og Bergen. Tablået «Brudefærdens i Hardanger» vart presentert på Christiania Theater i 1849. Med eit stort lerret malt av Tidemand og Gude som bakgrunn, stod ein båt med byfolk utkledd som bønder i «nasjonaldrakter» på scenen, og så fylgte song og spel, samt opplesing av Andreas Munchs dikt, «Brudefærdens i Hardanger» («Der aander en tindrende Sommerluft over Hardangerfjords Vande») og musikk av Halfdan Kjerulf.

Mange av dei nye turistane kom frå England, og denne trafikken fekk ein «boost» då det vart opna direkterute mellom Bergen og England i 1890. Øystese og Strandebarm var òg populære stader hjå byfolk, som oppheldt seg «på landet» om sommaren. Ein av dei store attraksjonane for turistane var Steinsdalsfossen. Hotell og overnattingstilbod vart etablerte i Kvam for å møta trøgen til kost og losji. Iversens pensjonat og Sandven hotell i Norheimsund var i verksemd alt frå 1850-åra, mens Øystese hotell (1887), Vikingnes hotell på Ljones (1890) og Bakke hotell (1890) kom til seinare.

I det tradisjonelle samfunnet hadde familie, slekt, gard og grend vore rammene for sosial omgang og fellesskap. Men i andre halvdel av



Over: Tokagelet. Under: Norheimsund, ca. 1900. Båe foto: Olaf Andreas Svanøe.
Universitetsmuseet i Bergen. CC BY-NC-ND 3.0.





Frå Haldeplassen, Norheimsund sentrum. Foto frå Kvam herad sitt arkiv.

1800-talet vaks det fram eit omfattande foreiningsliv, og det vart bygd eit stort tal forsamlingshus rundt i bygdene. Foreiningane representerte noko nytt, og dei samle folk på tvers av gamle einingar som bygder, grender og gardar. Ettersom medlemmene vart samansveisa i ei foreining, fekk dei eit fellesskap og eit ansvar for kvarandre som gjekk på tvers av tradisjonelle sosiale grenser. Organisasjonar som frilyndt ungdomsrørsle, avhaldsrørsle, lekmannsrørsle, skytтарlag, idrettslag og politiske parti førte til nye omgangsformer og nye måtar å handle og tenke på. Sosiale kløyvingar i bygdesamfunnet kom også til uttrykk i det nye organisasjonslivet, til dømes mellom lekmannsrørsla og ungdomsrørsla. Lekmannsrørsla hadde tyngdepunkt i dei ytre bygdene i Hardanger, ungdomsrørsla i dei indre.

Fram mot år 1900 spela lags- og organisasjonsarbeid i bedehus, ungdomshus osb. ei stadig større rolle, og for barna hadde skulegangen vorte ein viktig del av dagleilivet. Mange kombinerte no gardsarbeid

med anna arbeid som gav inntekter, og ein heil del hadde fått handverk eller lønnsarbeid som hovudyrke. I Kvam, og særleg i Øystese, fanst det ein konsentrasjon av møbelnsnikkarar. I dei nye knutepunkta som hadde vakse fram som eit resultat mellom anna av dampskipstrafikken, kunne ein no finna spesialiserte verksemder og tenester som handel, bankar, telefon, post og overnatting. Om lag 15 prosent av innbyggjarane i Kvam herad var i 1900 busette i knutepunkta Øystese og Norheimsund.

2.5. 1900-talet

Samfunnsforskaren og kulturgeografen Axel Sømmeskriv på 1950-talet ei grundig skildring av Kvam, i ein artikkel han kalla «Kvam, ei industrialisert fjordbygd på Vestlandet». Artikkelen gjev eit godt bilet av kommunen, slik han stod fram midt på 1900-talet.

Folketaket har auka sterkt ved innflytting. Det har stige frå 3474 i 1910 til 5523 i 1950 og 6008 i 1955. Sømmeskriv om dei gode vilkåra for jord- og skogbruk, og at ein i Kvam finn ein folketettleik som er uvanleg i dei indre strok på Vestlandet, og to bygdesentra, nemleg det han kallar «strandstadene» Norheimsund og Øystese. 31 prosent av folket levde i 1950 i «hussamlingar» - 920 i Ålvik, 551 i Norheimsund og 233 i Øystese. Men sjølv om han viser til at heradet har eit sterkt jordbruk, festar han seg ved at Steinsdalen, som tidlegare vart halden for å vera det beste jordbruksstroket i Kvam og eit av dei beste i fylket, har endra karakter. Dei to største matrikkel-gardane, Steine og Skeie, eig framleis store slåttar og framifrå sæterbeite på Kvamskogen, men gjer seg ikkje lenger nytte av dei. Sal av hyttetomter på Kvamskogen til byfolk har i seinare tid vore ei kjærkommen omframintekt for mange.

Gardsbruka er små, og drifta fell tung, for mange bønder i Kvam slær enno store vidder av natureng på innmark og av utslårter. Husdyrhaldet byggjer på ku og sau. Jordbruket er framleis hovudnæringa i store delar av heradet, og i den sørvestre delen har dobbelt så mange sitt hovudyrke i jordbruk som i industri og handverk, og i fleire andre krinsar har jordbruket framleis fleire folk i arbeid enn industrien. I Steinsdalen derimot gjev no bynæringane arbeid til fleire enn jordbruket, og i stroket Norheimsund – Øystese jamvel til fire gonger som mange.



Frå røyrgata til

Bjølvefossen.

Foto: Knut Markhus.

Fruktdyrkinga har sidan hundreårsskiftet vorte ei viktig næring, og skatteinspeksjonen i Hordaland reknar no Kvam for ei av dei fire fruktbygdene i fylket. Den beste fruktgarden i Kvam er Ytre Ålvik, og den nedre delen av lia er no for det meste samanhangande frukthage, fortel Sømme.

Han viser òg til at jordbruket for mange sin del vert drive på andre måtar enn tidlegare. På Kaldestad vart tre av dei fire hovudbruka liggjande i eller nær det gamle tunet etter jordskiftet i 1895. Eit av brukka er sidan nedlagt, og elva som renn gjennom dette bruket, gjev no kraft til eit kommunalt elektrisitetsverk. Den øvre delen av eigedomen er tilplanta med gran, og tomtene ved sjøen er tekne i bruk til industri. Noko av innmarka er seld til to andre bruk, men desse er framleis altfor små. Dessutan er dei brattlendte og vender mot nordaust. I turkesumrar

vert avlingane bra, men i kjølege og regnfulle sumrar ber nok Kaldestad – «garden ved den kalde elva» - namnet sitt med rette. Til døme på kor vel ein likevel nyttar dei utvegar som byd seg, nemner Sømme at heile markstykket ovanfor husa på det eine bruket, som har ei stigning på 1:3, vert slege med tohjulstraktor og slåmaskin. Den flytande husdyrgjødsla vert pumpa opp gjennom plastrør og kasta utover frå ein spreiar. På fire teigar fødde dette bruket i 1950 ti kyrlag. For å skaffa seg nok inntekt, arbeider eigaren som revisor.

Sømme skriv at fjellpartiet ovanfor fjorden er strøtt med store og små vatn som før hadde utlaup til elva Bjølvo som kjem ned til fjorden ved garden Ytre Ålvik. No vert vatnet ført ned til fjorden ved Indre Ålvik, tre-fire kilometer lengre aust. Her har A/S Bjølvfossen bygt eit kraftverk med ei brutto fallhøgd på mest 900 m, og eit stort smelteverk for ferro-legeringar. Ein ny industristad, Ålvik, har vakse fram her. Han er i snøgg vokster, og hadde ved folketeljinga 1950 920 innbyggjarar. I inntektsåret 1955 kjem ca. 59 prosent av stats- og kommuneskatten



Kraftstasjon i Ytre Ålvik, i drift frå 1916. Foto: Øyvind Strømmen.

frå Ålvik. A/S Bjølgefossen har letta bustadbygginga. Arbeidarar og funksjonærar som byggjer eigen heim, får gratis arkitekthjelp og andre føremoner, Frå 1947 til 1956 er det gjeve byggjeløyve til 86 nye husvære, vanleg i einebustader, i Ålvik, men likevel er det kring 100 av dei bortimot 500 arbeidarane i denne verksemda som brukar buss til og frå fabrikken. Den sosiale strukturen på industristaden er nokså einsidig. Mest alt som ikkje høyrer inn under A/S Bjølgefossen, er samla på torget: Samyrkjelaget, dei to private handelsforretningane og einaste kafé og pensjonat på staden held til og med til i same hus.

På strandstadene Norheimsund og Øystese er det ein meir allsidig struktur i folkesetnaden. Handelssenteret i Øystese har dei same slag forretningar som Norheimsund. Attåt samyrkjelaget og større handelsfirma av landhandlartypen er der bank, spesialforretningar for sko, manufakturvarer, radio og elektriske artiklar, samt urmakar, lækjar og tannlækjar, men ikkje sakførar som i Norheimsund, fortel Axel Sømme. Han nemner at Norheimsund har betre kommunikasjonar og eit større oppland, som rekker tvert over fjorden til Sollesnes og dei andre stadene i Jondal, der mjølkeruta til Norheimsund går innom. Vareutvalet i Norheimsund er rikare, og trafikken i hovudgata er mykje større. Norheimsund er trafikkknutepunktet og har det meste av kommuneadministrasjonen. Her er både handelsskule og lærlingskule. Yrkesskulen ligg eit par kilometer opp i Steinsdalen. Like ved Vikøy kyrkje ligg Framnes ungdomsskule, som har kring 170 elevar, mens statsrealskulen er i Øystese.

Dei to turisthotella ved fjorden har få gjester om vinteren. Sæterhotella på Kvamskogen har derimot sesong frå jul til midt i september.

Møbel- og innreiingsindustrien har mange og små verksemder i Kvam. Han har heile landet til marknad, mens A/S Bjølgefossen sel sine produkt over heile verda. Heradet har elles fem bakeri, to meieri, to konservfabrikkar, tekstil- og konfeksjonsindustri i Øystese og talkumgruve- og mølle ved Fyksesundet. Strandebarm var enno ikkje blitt ein del av Kvam, og Sømme diskuterer difor ikkje bygda, der produksjonen av strandebarmaren no var blitt ein særsviktig industri.

27 prosent av yrkesfolkemengda er sysselsett i jordbruk og 39 prosent i handverk og industri. Dei to fremste industriegreinene er primær jarn- og metallindustri, som i 1950 gjev arbeid til 381 personar, og møbel- og innreiingsindustrien, som har 180 sysselsette i det same året.



Frå Steinsdalsfossen. Foto: A. Vikør.

88
Foto A. Vikør

Status og utfordringar

3.1. Kva er eit kulturminne?

Kulturminnelova definerer kulturminne som «alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø.» Det er denne definisjonen som ligg til grunn for den statlege forvaltinga av dei materielle kulturminna. Forvaltinga skil mellom automatisk freda kulturminne (også kalla førreformatiske kulturminne) og kulturminne frå nyare tid.

Ein skil også mellom faste kulturminne (buplassar, gravhaugar, bygningar, vegar o.l.), lause kulturminne (gjenstandar) og den immaterielle kulturarven (kunnskap og ferdigheter innan handverk, dans, musikk, tradisjonar, eller skikk og bruk).

Automatisk freda kulturminne er eldre enn 1537 (reformasjonen), med unntak av ståande bygningar (1650) og kulturminne i vatn og vassdrag (eldre enn 100 år). Automatisk freding gjeld sjølve kulturminnet og ei sikringssone på minst fem meter omkring det.

Kulturminne frå nyare tid er frå perioden etter 1537 og fram til vår eiga tid. Døme på slike kan vera bygningar og bygningsmiljø, husmannsplassar, stølar og vegar. Kulturminne frå nyare tid kan fredast etter vedtak eller føresegn, eller vernast gjennom plan- og bygningslova.

Kulturmiljø er område der kulturminne er del av eit større heile eller ein vidare samanheng. Kulturmiljø vert avgrensa gjennom ei samla vurdering av kulturhistorie, kulturminne og tidsdjupn i eit område.

Kulturlandskap er alt landskap som er prega av menneskeleg verksemd. Termen vert nytta når ein fokuserer på menneskeleg påverknad av landskap, og ein nyttar han ofte om jordbrukslandskap, stølsvollar osb.

Immaterielle kulturminne er kulturytringar som ikkje er fysisk masse, men som lever vidare skriftleg, munnleg eller ikkje-verbalt. Den norske

UNESCO-kommisjonen nemner desse døma på immateriell kulturarv: «Språk, utøvande kunst, sosiale skikkar, tradisjonelle handverksferdigheiter, ritual, kunnskap og ferdigheter knytt til naturen.»

I røynda ser me som oftast at materiell og immateriell kultur heng tett sammen. Det å kunna leggja til kai med ein båt er ein kunnskap som må reknast som immateriell. Samstundes er denne kunnskapen uløyseleg knytt til den materielle båten og kaien.

Verdsetting av kulturminne er ei utfordrande oppgåve. Riksantikvaren nyttar tre verdinivå på kulturminna: nasjonal, regional og lokal verdi. Verdien vert knytt til omgrep som oppleving, kunnskap, identitet, estetikk og bruk – og så kjem konkrete eigenskapar ved det enkelte kulturminnet, til dømes alder og kor sjeldan det er.

Utviklingstendensane i kulturminneforvaltinga har dei siste 150 åra gått frå eit fokus på arkitekturhistoriske enkeltmonument, som stavkyrkjene og objekt frå embetsmannskulturen (bonde- og bykulturen), til ein meir representativ dokumentasjon av vår felles, bygde historie. Verdiar knytt til immaterielle kulturminne og handlingsboren kunnskap har òg fått meir prioritet dei seinare åra.

Det er i hovudsak to lover som vert brukt for å ta vare på spesielt verfulle kulturminne. Kulturminnelova og plan- og bygningslova. Kulturminnelova vert forvalta av Riksantikvaren på nasjonalt nivå, og fylkeskommunar, sameting, arkeologiske landsdelsmuseum og sjøfartsmuseum på regionalt nivå. Kommunane sitt viktigaste reiskap for å ta vare på kulturminne, er plan- og bygningslova.

3.2. Utfordringar

I strid med dei nasjonale måla, skjer eit betydeleg tap av kulturminne i Hordaland som i Noreg elles. Hordaland fylkeskommune peikar på at kommunane er det viktigaste av dei tre forvaltningsnivåa når det gjeld kulturminne:

«Kommunal forvalting er tufta på sterkt lokal kjennskap, og

grunnleggjande kulturminnekompesitanse i kommunane er heilt avgjerande for å nå dei nasjonale målsettingane på feltet. Redusert tap krev at kulturminne vert premissar i dei relevante offentlege prosessane som kommunane styrer».

Stort tap av kulturminne skjer særleg i kommunar som ikkje har kulturminneplanar, der ein ikkje avklarar interesseomsetnader på førehand eller ikkje handsamar saker etter gjeldande lovverk. Vidare er det ei utfordring at kulturminnevern er lite tydeleg som fag og politikkområde i lokal forvalting. Kommunale kulturminneplanar er difor eit satsingsområde.

Statistikken over tap av kulturminne i Hordaland stadfestar at kulturminneforvaltinga lokalt treng å styrkast. Førebelse undersøkingar gjort av fylkeskommunen og Riksantikvaren for Sefrak-registrerte bygningar, syner eit årleg tap i Hordaland på rundt rekna 13 prosent. Kvam er mellom dei kommunane med som har høgst tap – 17 prosent frå tidspunktet for registrering og fram til og med 2012. Ein faktor som kan forklara det høge talet er at Sefrak for Kvam inkluderer sers mange mindre utmarksbygg som var gått ut av bruk alt på det tidspunktet dei vart registrerte, og at ein sjå oss har registrert bygningar med oppføringsår heilt fram til 2. verdskrig.

I kommunestatistikken for 2016, basert på kommunane sin eigen Kostra-rapportering, finn ein Kvam omlag midt på treet, med 5 poeng av 9 moglege.

3.3. Kjente kulturminne og datagrunnlag

Askeladden

Askeladden er Riksantikvaren sin offisielle database over freda kulturminne og kulturmiljø i Noreg. Databasen inneheld data om kulturminne som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan- og bygningslova eller vurdert som verneverdige. Basen omfattar arkeologiske kulturminne, kulturminne frå nyare tid (dvs etter 1537) som er freda, og listeførte kyrkjer. Askeladden er først og fremst eit verktøy for kulturminneforvaltinga, òg i kommunen, men registreringane

er likeeins tilgjengelege gjennom Kulturminnesøk, som er ei kartbasert nettside med opplysningar om så vel freda kulturminne som slike som ikkje er freda, og der brukarane sjølve kan leggje til kulturminne med skildringar og bilet.

Automatisk freda kulturminne

For Kvam inneheld Askeladden til saman 769 enkeltminne fordelt på 611 lokalitetar. Fleirtalet er arkeologiske minne; 572 lokalitetar og 689 enkeltminne som inkluderer funnstader, gravhaugar og andre minne som er fjerna osb. Mange av dei registrerte arkeologiske kulturminna er tufter og andre objekt i utmark og tidlegare stølsområde, som er vanskeleg å datera meir presist.

Av desse er 352 enkeltminne fordelt på 282 lokalitetar automatisk freda, dvs. at dei er eldre enn reformasjonen (1537). Gravhaugar og -røyser utgjer hovudmengda med 106 lokalitetar, saman med anlegg for kolframstilling (kolgroper) med 76 lokalitetar. 30 lokalitetar er busetjings-/aktivitetsområde i form av buplassar og hustufter, mens det er registrert 13 bergkunstlokalitetar (helleristningar). Vidare har ein kjennskap til tre nausttufter frå mellomalder eller tidlegare, fem stølsområde, seks veganlegg (holvegar) og eitt forsvarsanlegg (bygdeborga Kletten på Steine). Automatisk freda er også kyrkjegardane i Strandebarm og Vikøy, samt den gamle, nedlagde kyrkjegarden i Øystese (ved Øysteseheimen). 4 kulturminne under vann er òg registrert i basen som automatisk freda. Det er 1 bygning i kommunen som er automatisk freda; stovebygningen på Drage er årringsdatert til etter 1523.

2 bygningar er såkalla erklært automatisk freda, dvs. at dei er oppførte i perioden 1537-1650. Det dreier seg om Gamlestova på Skålheim og ei røykstove på Nes ved Mundheim. Sistnemnde er årringsdatert til ca. 1620.

Vedtaksfreda kulturminne

Når det gjeld kulturminne frå nyare tid som er freda etter vedtak med heimel i kulturminnelova, er det fem slike lokalitetar i Kvam:

Ei sengebu frå Vikøy som no står på Tangerås (truleg frå slutten av 1500-talet), ungdomshuset Haugatun i Strandebarm (teikna av Torgeir Alvsaker i 1927), hovudhuset på den gamle kapellan- og offisersgarden Håbrekke (etter tradisjonen bygd kring 1660), samt prestegardane i Strandebarm og Vikøy.



Vikøy prestegard. Foto: Knut Markhus.

Dei fleste av dei gamle bygningane på Strandebarm prestegard vart rivne i 1907, men dei fire gamle husa som står igjen, er freda. Det dreier seg om eit stabbur, ei borgstove, eit vedskjul som no tener som garasje, og prestegardsnaustet i elveosen. Vikøy er ein av få prestegardar som har behalde eit alderdommeleg tunpreg. Det noverande hovudhuset er resultatet av ei samanbygging av tre ulike bygningar, der den eldste er ei røykstove som kan gå tilbake til byrjinga av 1600-talet. Hovudbygningen, Selmerhuset, to stabbur, ei borgstove, eit vognskjul, eit vedskjul, ei matbu og eit naust er omfatta av fredninga.

Elles vart to andre bygningars i Kvam freda etter lov om bygningsfredning på 1920-talet. Det gjaldt ei sengebu på Skogasel, som vart rive kring 1960, og delar av det dekorerte veggtømmeret flytta til Stalheim

Folkemuseum i Voss kommune, og ei sengebu frå Dysvik, som i 1941 vart flytta til Kvamskogen og omgjort til hytte. Fredinga av denne vart oppheva i 2014.

Kulturminne freda gjennom forskrift

Vegen gjennom Tokageleit inngår i landsverneplanen til Statens vegvesen, og han vart freda gjennom forskrift i 2009, som ein 1. generasjons bilveg. Vegen vart bygd i 1907, og ligg i dag som fire skilde parsellar på Rv 7. I ein av tunnelane finst restar etter eit anleggsmøie, og på fjellveggen utanfor er det hoggen inn 15 krossar som viser kvar tyskarane underminerte vegen under 2. verdskrig.



Den gamle vegen gjennom Tokageleit, her avbilda i 2017. Foto: Knut Markhus.

Listeførte kyrkjer

Ei listeført kyrkje er vurdert som verneverdig av Riksantikvaren. Desse kyrkjene er ikkje freda, men alle saker som gjeld endringar i eller ved ei listeført kyrkje, skal verte vurdert av Riksantikvaren eller fylkeskommunen (omgjevnadene til kyrkja). Alle kyrkjer oppførte

mellan 1650 og 1850 er listeførte, og det same gjeld ein del kyrkjer bygd etter 1850.

I Kvam er tre av kyrkjene, Strandebarm, Øystese og Vikøy, listeførte. Strandebarm er ei langkyrkje teikna av Ole Vangberg og bygd i 1876. Øystese er nokre få år eldre, frå 1868, og er ei tidstypisk langkyrkje teikna av J.W. Nordan og C. Erichsen. Noverande kyrkje i Vikøy er frå 1838, ei langkyrkje bygd etter typeteikningane til Linstow.

Kyrkjene i Vikøy og Strandebarm står på same stad som i mellomalderen, og delar av kyrkjegardane deira er difor automatisk freda.

Andre kulturminne i Askeladden

Einskilde kulturminne og -miljø med særleg stor verneverdi men som ikkje er freda, er òg registrert i tillegg til desse enkeltbygningane: Eit sjøhus på Mundheim, Nes bygdesag i Strandebarm, Vavollstova (røykstove) på Kvam bygdemuseum og grindløene på Sandven, Norheim og Kvitatein.



Nes bygdesag. Foto: Øyvind Strømmen.

Vidare er ein del krigsminne frå 2. verdskrig registrert i basen: Innstrandi fort (HKB 51./977) frå 1941 ved Hjartnes, Ljones torpedobatteri frå 1940 (første tyske torpedobatteri i Hordaland, kanskje i Noreg), eit støttepunkt i Norheimsund, ei laupegrav på Havnaneset i Ålvik og leirane på Mylneshaugen, Midthus, Hovden (Hetlhovdedalen), Mo og Mjølstølane.

SEFRAK

Sefrak (av Sekretariatet for Registrering Av faste Kulturminner) er eit landsdekkjande register over eldre bygningar og andre faste kulturminne. Det omfattar opplysningar om alle bygningar eldre enn år 1900, og som i dei fleste tilfelle ikkje er underlagt nokon form for formelt vern. Enkelte stader – som her i Kvam – er bygningar med byggeår heilt fram til 1940 registrert. Sefrak-registreringane er mellom anna tilgjengelege gjennom ein wms-teneste i Askeladden, og som eigne kartlag i Kvam herad og Hordaland fylkeskommune sine web-kart-løysninger.

I Kvam gjekk feltregistreringane føre seg i perioden 1978-1997, og til saman 2551 objekt vart registrert. Av desse er (var) 2384 ståande bygningar, og dei fleste av dei er del av gardstun, stølar, naustmiljø eller tidleg tettstadsbebyggelse, men mellom registreringane finn ein òg andre bygningstypar – bankbygningar (2 stk), forsamlingshus (6), utedoar (8), kraftstasjonar (1), dokkehus (1), gjestgiveri (5), sager (8) og verkstader (22), for å nemne nokre. Fleirtalet (1293) av dei registrerte kulturminna i Sefrak er bygde på 1800-talet. Av desse er det flest bustadhus (396), men likeeins ei stor mengd naust (111), stabbur (90), stølsbygningar (54), utløer og skykkjer (103), løer (142), eldhus (39) og kvernhus (20). Frå perioden 1900-1940 er det registrert 533 objekt, mellom anna 111 bustadhus, 67 stølsbygningar, 36 naust, 87 utløer og skykkjer, 47 løer og 13 fjøs.

Vidare er det så vidt mange som 135 bygningar som høyrer til på 1700-talet (58 bustadhus, 2 eldhus, 15 stabbur, 13 naust, 4 smier, 7 stølsbygningar og 5 utløer), mens det frå 1600-talet er 26 (mellom anna 12 bustadhus og 4 stabbur). Sefrak viser elles at ni bygningar i Kvam vert rekna for å vera eldre enn 1600 (og soleis kan verte vurdert



Lilletveitstølen. Foto: Knut Markhus

for automatisk freding): 9 stover, 1 stabbur, 1 smie og 1 vedskjul. Dei øvrige (388) kulturminna er ikkje meir presist daterte.

Sjølv om bygningar som er registrerte i Sefrak ikkje er omfatta av spesielle restriksjonar, bør ein gjera ei lokal vurdering av verneverdi før kommunen gjev løyve til å riva, flytta eller endre bygningen. For bygningar eldre enn 1850 seier kulturminnelova (§25) at ein skal gjera ei slik vurdering, og saka skal sendast til kulturminnemyndigheiten (fylkeskommunen) som skal gje fråsegn.

Område regulert til vern eller vist med omsynssone

Kommunen har sjølv sikra ein del viktige kulturminne og -miljø ved hjelp av plan- og bygningslova, anten ved å regulere dei til vern (før 2008) eller vise dei som omsynssone i ein arealplan. Nokre av desse er dessutan verna gjennom anna lovverk (kulturminnelova), men mange er det ikkje. Omsynssonane bør visa viktige, større kulturmiljø som Bruosen, Norheimsund og Byen i Ålvik.

Det dreier seg om desse reguleringsplanane:

- Reguleringsplan for Mundheim, plan-id 20030002a (sjøbu)
- Rv 49 Risa bru, 20000001 (Haugatun ungdomshus)

- Bruosen, 19980004 (sjøbruksmiljø)
- Linga, 19800001 (gravrøys)
- Linga, 20100017 (gravrøys)
- Skytebane Vangdalsåsen, 20100004 (anlegg for kolframstilling)
- Bruravik friluftsområde, 20060006 (bygningsmiljø/tun og gravrøyser)
- Nedre Aksnes, 20090012 (gravrøys)
- Vikøy prestegard, austre del, 19920004 (naustrekke, sag og Vikøy kyrkjegard)
- Vikøy – Norheimsund, 20100031 (naustmiljø)
- Steinsdalsfossen, 19960003 (kulturmark)
- Sandven, 20090016 (krigsminne/bunker)
- Haldeplassen – Kaldestad, 20060012 (Sandven hotell, Tingstova, Sjøhuset, Steinabryggja, naustmiljø og bygningsmiljø)
- Norheimsund, vestre del, 19850002 (naustmiljø)
- Straumen – småbåthamna, 20100037 (naust)
- Lunhaug, 19930001 (naust og gravhaug)
- Øysteskaien – Hardangerbadet, 20100019 (Øystese kyrkje)
- Øystese – Skarpasvingen, 20100011 (busetningsspor)
- Fv7 Bosstippen, 20100010 (gammal bostipp)
- Byen i Ålvik 19930002 (bygningsmiljø)



Frå Byen i
Ålvik.
Foto:
Øyvind
Strømmen

I tillegg har nokre kulturmiljø fått ein status gjennom føresegner i kommune- og kommunedelplanar. I kommunedelplan for Kvamskogen (2012) står det at det skal takast spesielle omsyn til dessa stølsmiljøa:

- Eggjasete
- Netelandsstølen
- Mødalen
- Fossdal
- Måvotni
- Nedre Steinskvanndalen
- Byrkjesete

I kommuneplanen sin arealdel frå 2006 var Kinck-garden på Tangerås vist som LNF-område med viktige landskaps-turvegdrag/grøntstruktur der bygge- og anlegg tiltak kan tillatast. Dette omfatta tiltak som bygde opp om kulturhistorien på garden.

Andre

Verdifulle kulturlandskap

På 1990-talet vart det gjennomført ei landsomfattande registrering av verdifulle kulturlandskapsområde med så vel biologiske som kulturhistoriske verdiar. Utvalde kulturlandskapsområde er tilgjengelege gjennom karttenesta *Naturbase*. Skoro ved Fykseundet vart eit av dei høgst prioriterte områda. Garden ligg på ei hylle om lag 250 m opp frå fjorden. I lia nedanfor har det vore husmannsplassar, og høgt over tunet er det vide fjellområde som høyrer garden til. Stigen opp frå fjorden ligg fint i terrenget med trappetrinn og klopper i stein. Lia er rik på edellauvskog med mange tre som framleis ber spor etter styving. Bygningsmiljøet er intakt, med eit stort våningshus og løe frå 1800-talet og stabbur frå slutten av 1500-talet.

Andre oversyn

Fleire bokverk inneholder oversyn over ulike typar kulturminne i Kvam. Her vil ein nemne spesielt årbøkene for Kvam sogelag (1945-) og bygdebøkene for Strandebarm og Kvam med noko meir spreidd informasjon, Eva Røyrane si bok om *Fabrikkbyane i Hardanger* som har sers mykje

informasjon om kulturminne i Ålvik og oversynsverka *Kulturhistorisk vegbok* og *Naturhistorisk vegbok*. Sjå elles litteraturoversynet bakerst.

3.4. Endringar i busetnad, infrastruktur og næringsliv

Kommuneplanens samfunnsdel peikar på nokre av dei største utfordringane for Kvam i åra som kjem:

- Kommunen har frå slutten på 1990-talet og fram til byrjinga av 2000-talet opplevd nedgang i folketalet. Frå 2008 og fram til i 2014 har dette snudd, og kommunen opplever no ein folketalsauke.
- Det er forventa ein vekst framover mot 2030 på om lag 1 500 nye innbyggjarar. Veksten er primært basert på tilflytting, men også eit forventa fødselsoverskot om prognosane slår til.
- Tilflyttinga er i stor grad basert på flytting frå utlandet, slik at me kan verta eit endå meir multikulturelt samfunn i framtida, enn me er i dag.
- Unge vaksne er underrepresentert i Kvam samanlikna med landet elles. Kommunen har eit relativt stort kvinneunderskot i aldersgruppa i 20-40 år. Snittalderen på kvinnene i Kvam er også ein god del høgare enn på mennene. Den samla snittalderen på befolkninga er aukande, i dag er den på om lag 42 år.
- Talet på arbeidsplassar i kommunen går ned. Kommunen kompenserer for færre arbeidsplassar med å vera ein del av ein større arbeidsmarknad, spesielt gjeld dette Bergen og omegn, samt Nordsjøen og oljenæringa.
- Pendlarane til Bergen og nærområdet omkring har høgare utdanning enn dei som ikkje pendlar. Dette kan tyda på mangel på attraktive arbeidsplassar for dei med høgare utdanning internt i Kvam.
- Etter ei kraftig strukturendring har kommunen fått fleire store samdrifter som produserer mjølk og kjøt for konsum. Meieriet i Øystese er ein av dei som vidareforedlar produkta.

3.5 Kommunen si rolle i forvaltinga av kulturminne

Den regionale kulturplanen Premiss: Kultur vart vedteken av Hordaland fylkeskommune i 2014. Planen skal leggjast til grunn både for verksemda til regionale organ, og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i Hordaland. Premiss: Kultur har ei grundig handsaming av kulturminnefeltet.

Fylkeskommunen har ansvar for å vurdera og gje fråsegn til tiltak og planar som rører ved automatisk freda kulturminne og kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap av regional og nasjonal verdi. Tiltak som rører ved kulturminne frå nyare tid, kulturmiljø og kulturlandskap av lokal verdi, skal handsamast av kommunen.

I Kvam har dessutan Hardanger og Voss museum eit kulturminnefagleg ansvar som regionmuseum. Dette omfattar ansvar for rådgjeving innan bygningsvern og museumsspørsmål. Museet har tilsett ein bygningsvernkonsernt, som er ein ressurs både for det offentlege og private.

Som planmynde har kommunane ei sentral rolle i forvaltinga av kulturminna. Dei lokale planleggingsprosessane kan vera gode arenaer for aktiv medverknad for lokalbefolkninga, kulturminneforvaltinga, foreiningar, historielag og andre interesserte.

Kvam herad har ansvar for reguleringsplanar, arealplanlegging og for at kulturarven får merksemd i kommunale planprosessar og byggesaker. Kommunen kan gjera vedtak om vern gjennom reguleringsplanar.

3.6 Kommunen som eigar

Kommunen har også ansvarsområde eigarsamlingar og anlegg. Kommunen eig fleire freda og verneverdige bygningar, og har dessutan utbyggingsprosjekt der kulturminne kan vera involvert. Kommunen samarbeider med ulike aktørar for å ta vare på og utvikla desse eigedomane.

Til dei viktigaste kulturminna som kommunen sjølv eig, høyrer desse:

Storeteigen

Bygdemuseet på Storeteigen inneheld bygningar frå fleire epokar. Husa er plasserte i eit rekkjetun, som tidlegare var ei vanleg ordning mange stader i Hardanger. Vavollstova frå 1681 står på sin opphavlege plass. Torsteinstova frå 1661 er flytta frå Øystesegarden. På Storeteigen står også ein av dei eldste møbelverkstadene i Kvam.

Både bygningar og samlinga av utstyr og interiør gjer Storeteigen til

eit verdifullt kulturmiljø. Museet er omfatta av museumsavtalen mellom Kvam herad og Hardanger og Voss museum, og vert drive av dette konsoliderte museet.

Bygdagnist driv i dag bygdemuséet på Storeteigen. Bygdagnist vart skipa for å驱ra med kulturproduksjon, prosjektering, friluftsliv og folkehelse, med Storeteigen som base.

Ingebrigts Vik museum/skulptursamlinga etter Ingebrigts Vik
Ingebrigts Vik (1867-1927) frå Øystese vert rekna som ein av dei største bilethoggarane Noreg har fostra. Vik testamenterte alle dei etterlatne arbeida sine til heimbygda då han døydde i 1927. I 1934 vart Ingebrigts Vik museum opna, eit særprega bygg teikna av Torgeir Alvsaker.

Museet fekk eit påbygg i 2005, for at ein betre skulle kunne presentera kunstverka.



Frå skulptursamlinga etter Ingebrigts Vik.
Foto: Øyvind Strømmen

Ingebrigts Vik museum er ei avdeling av Hardanger og Voss museum, og har ei samdrift med Kabuso.

Ålvik industriarbeidarmuseum

Firemannsbustaden frå 1916, som i dag er Ålvik industriarbeidarmuseum, var det første permanente bustadhuset Bjølvfossen bygde. Bustaden vart overdragen frå Bjølvfossen til Kvam herad i 1993 for å verta museum. Bustaden vart rehabilert i 1997. Eitt av husværa vart ført tilbake til 1917-stil, og eitt til 1950-talet.

Museet er eigd av Kvam herad, og har i dag lite aktivitet. Dette har si årsak i at museet ikkje er del av noko konsolidert museumseining, og at Kvam herad ikkje lenger har eigen museumsstyrar. Ei revitalisering vil vera eit grep for å dyrka kulturminneverdiane i Ålvik.

Skulemuseet i Vikøy

Skulehuset som no er skulemuseum ligg i det viktige kulturmiljøet i Vikøy. Det vart bygd i 1886.

Borgstova på Vikøy prestegard

Borgstovo er eigd av Kvam herad. Målaren Adolph Tidemand (1814-1876) laga mange av sine berømte måleri i Vikøy. Interiøret i Borgstova kan gjenkjennast m.a. i måleriet Haugianarane. Sjølve Borgstova er ei røykstove frå 1815. Den er i dag museum.

Lokalhistorisk samling

I den lokalhistoriske samlinga på Kvam rådhus finst ei stor mengd foto, film, lagsbøker, manuskript, osv. Dette er eit privatarkiv som er delvis registrert og systematisert, men i praksis lite tilgjengeleg for publikum. Privatarkiv er arkiv frå alle typar ikkje-offentleg verksemder, som privatpersonar, lag og organisasjonar, verksemder. Slike arkiv kan innehalda informasjon av stor verdi for enkeltpersonar, lokalsamfunn og for samfunnet som heilskap.

Interessa for lokalhistorie og slektsgransking er stor i Kvam. Både Kvam soge- og kulturminnelag og andre publiserer jamt verdifulle bidrag

til historia. Slikt arbeid vil ha heilt andre føresetnader om ein større del av privatarkiva var digitaliserte og gjort offentleg tilgjengeleg. Den regionale kulturplanen legg òg vekt på dette. Som med andre kulturminne, handlar det òg om å ta vare på arkivmaterialet i eit lengre perspektiv, for framtidige generasjonar.

3.7 Tilrettelagde kulturminne

Nokre av kulturminna i Kvam er skilta eller tilrettelagde på anna vis.

Av enkeltminne gjeld det helleristningane ved Salthamaren og kvelvbruene Straum bru og Steinsdal bru.

Langs Strandvegen i Norheimsund og i parken i Øystese finst skilt med kulturhistorisk informasjon. Sogestien er ei oppmerka løype rundt Fitjadalsvatnet i Øystese. Langs stien finn ein òg skilt med kulturhistorisk informasjon. Vidare er Fyksesund landskapspark tilrettelagt gjennom skilting, og det finst skilt på Nes mellom Norheimsund og Øystese.

Kvam turlag vedlikeheld omlag 100 kilometer med merka stiar i Kvammafjella. I tillegg er det ein rekke merka stiar i regi av grendelag i dei ulike bygdene frå Ålvik til Oma, einskilde av dei med kulturhistorisk skilting.

3.8 Samarbeid

Kvam herad har ein stor og aktiv frivillig sektor, og mykje av det lokale kulturminnearbeidet i kommunen føregår i regi av frivillige organisasjonar og kulturinstitusjonar, som sogelag, turlag og grendelag. Dette er ein styrke, og lokalbefolkinga sin kunnskap og engasjementer avgjerande for kjenntak til lokalhistorie og kulturminne, og for lokal forankring av kulturminnevernet. Samarbeid med frivillige og lokale krefter vil vera av største betydning for gjennomføringa av kulturminneplanen.

God bevaring er avhengig av at eigalarar og ansvarlege forstår verdien av kulturminna. Det er til sjuande og sist eigarane som skal stå for



vedlikehald og ivaretaking. Eit godt samarbeid mellom kommunen og eigarane er derfor viktig, og god informasjon og sakshandsaming er ein vesentleg del av dette samarbeidet.

Eit godt samarbeid mellom kommune, fylke og ulike statlege instansar er avgjørande for at forvaltninga av kulturminne skal vera effektiv og god. Samarbeid på tvers av etatane i kommunen er likeeins viktig



Kulturlandskapet på Fykse.
Foto: Øyvind Strømmen

for å sikre at utvikling skjer i ynskt retning. I Kvam herad er det ulike kontor som har ansvar for forvaltning, byggesak og arealplanlegging på den eine sida, og utvikling, formidling og verdiskaping i kulturminna og -miljøa på den andre. Kvam herad ynskjer å styrka samarbeidet mellom desse etatane, slik at ein får mest mogeleg ut av dei virkemidla ein til kvar tid har til disposisjon.

3.9 Tilskotsordningar og økonomiske virkemiddel

Det er fleire instansar som gjev tilskot til kulturminne.

Riksantikvaren (<http://www.riksantikvaren.no/Veiledning/Tilskot>) har tilskotsmiddel til freda bygningar og anlegg i privat eige, til sikring og istrandsetjing av verna fartøy, til brannsikringsplanar i tette trehusmiljø og til skjøtsel og skilting av automatisk freda kulturminne.

Kulturminnefondet (<http://kulturminnefondet.no/>) er ei statleg tilskotsordning for private eigarar av verneverdige kulturminne. Ordninga skal bidra til å auka innsatsen frå eigarar og næringsliv for å ta vare på kulturminne, bidra til bevaring og bruk av kulturminne og kulturmiljø for oppleving, kunnskap, utvikling og verdiskaping, samt støtte prosjekt der offentlege og private aktørar samarbeider.

Kulturminnefondet gjev tilskot til verneverdige kulturminne, uavhengig av formell status, medan tilskotsordningane hjå Riksantikvaren gjeld freda kulturminne.

Fortidsminneforeningen har i samarbeid med Sparebankstiftelsen DNB skipa ordninga Kulturminner for alle (<https://www.fortidsminneforeningen.no/kulturminner-for-alle>). Eigarar av kulturminne som står i fare for å verte øydelagde, kan søke. Kulturminna må vera tilgjengelege for ålmenta og ha ein plan for vidare bruk, og ein har fokus på prosjekt med kompetanseoverføring.

Hordaland fylkeskommune (<http://www.hordaland.no/nn-NO/tilstok/>) har òg relevante tilskotsordningar. Tilskotsordninga for verneverdige kulturminne tek sikte på å gje tilskot til istrandsetting av verneverdige kulturminne prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone vern i kommunale arealplanar eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi. Fylkeskommunen gjev dessutan tilskot til lokalhistorisk arbeid, til merking og skilting av turruter og til drift og forvaltning av verna fartøy.

Stiftelsen UNI (<http://www.stiftelsen-uni.no/>) gjev også tilskot til

istandsetjing av bygningar og kulturminne i privat eige. Dei fleste andre private fond krev at tiltaket skal ha verdi for ålmenta, dvs. at det skal vera tilgjengeleg for alle, eller skapa ein samfunnsøkonomisk verdi. Kulturminnefondet krev ein eigenandel på 30-50%, men denne andelen kan dekkast av tilskot frå private stiftingar.

Norsk Kulturarv (<http://www.kulturarv.no/>) kan gje tilskot gjennom aksjonane «Rydd et kulturminne» og «Ta et tak». Gjennom «Rydd et kulturminne» vert barn og unge engasjerte til å ta del i lokalt kulturminnevern, medan «Ta et tak» er ein aksjon som rettar seg mot våningshus og driftsbygningar.

Private stiftingar kan også gje tilskot til kommunale prosjekt.

Fylkesmannen i Hordaland (<https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/>) har ordningar som gjev tilskot til særskilt skjøtsel av kulturlandskap og kulturminne. Alle føretak som fyller grunnvilkåra for produksjonstilskot i jordbruket, som har landbruksdrift i Hordaland og som elles fyller vilkåra som vert stilt i dei ulike ordningane, kan søkje. Innanfor Regionalt miljøprogram (RMP) kan det mellom anna gis tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne, av kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova eller regulert som spesialområde eller omsynssone kulturmiljø, av steingardar og av styvingstre, til slått av lokaltverdfulle jordbrukslandskap og til innmarksbeite landskapsparkar.

Innanfor ordninga med Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) vert midlane fordelt til kommunen, som kan gje tilskot til gjennomføring av m.a. tiltak som tek vare på natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet. Kommunen har lokale søkerfristar og prioriterer søker etter lokale retningslinjer og eigne tiltaksstrategiar. Kvam er mellom dei kommunane i Hordaland som har løyvd mest tilskotsmidlar gjennom SMIL dei seinaste 5 åra.

3.10 Antikvariske prinsipp

Sams for alle tilskotsordningane er at ein skal følgje antikvariske prinsipp når ein skal setja i stand eller oppgradera kulturminne. Det er

avgjerande at ein tar omsyn til den kulturhistoriske og arkitektoniske karakteren til bygningen.

Riksantikvaren gjev desse gode råda om korleis ein bør gjera:

- Det er betre å vedlikehalda enn å reparera, og det er betre å reparera enn å skifta ut. Sjølv om gamle originale material kan sjå nedbrotne ut, er dei ofte i langt betre stand enn fyrsteinntrykket skulle tyde på. Dei vil høgst sannsynleg også halde lengre enn nye bygningsdelar
- Gjer så lite som mogleg, og ta vare på og sett originale delar i stand
- Gamle hus kan gjerne få sjå gamle ut. Ta vare på bygningsdelar som viser slitasje – det er ein del av historia til bygningen
- Nytt tradisjonelle material, konstruksjonar og metodar. Dei tradisjonelle materiala samarbeider gjerne betre saman med eksisterande material
- Gå for kvalitet framfor kortsiktig økonomi
- Gjer det riktig frå byrjinga og det held mykje lengre
- Kjenn huset ditt – la det fortelje si historie, sin bygningsteknikk, sine karaktertrekk og sine svake og sterke sider. Då kan du forstå orsaka til skader, korleis du skal utbetra, kva du bør vera særleg påpasseleg med når det gjeld vedlikehald osb.

Nettressursar

På desse nettsidene kan ein finna gode tips om kulturminne, vedlikehald og anna som kan vera til nytte for den som er eigagar av kulturminne:

- Bygningsvernsenteret Voss/Hardanger (<http://www.kulturakademi.no/>)
- Bygg og bevar (<http://www.byggogbevar.no/>)
- Gamle trehus (<https://gamletrehus.no/>)
- Riksantikvaren (<http://www.riksantikvaren.no/>)
- Hordaland fylkeskommune (<http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/bygningsvern/> og <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/arkeologi-og-freda-kulturminne/>)

Strategiar for kulturminnevern i Kvam

4.1 Kva skal kommunen prioritera?

Kommunen må prioritera og sikra at dei viktigaste kulturminna vert teke vare på for ettertida. Kommunen må forvalta ei avgrensa mengd ressursar, og difor vil ikkje alle finna att «sitt» kulturminne mellom dei som er prioriterte. Ein kommunal plan skal framheve dei viktigaste kulturminna og -miljøa. Men dette skal sjølv sagt ikkje vera eit hinder for at einskildpersonar, lag og foreiningar tek vare på kulturminne dei sjølv er opptekne av. Dessutan legg ein opp til at Gul liste (sjå nedanfor) skal verte supplert og justert med jamne mellomrom, i samband med at ein reviderer kulturminneplanen.

Kvam herad har vald å fokusera på følgjande kvaliteter:

- Sjeldne – i global, nasjonal, regional eller lokal samanheng
- Representative – døme på viktige element i historisk samanheng, som representasjon av ei næring, ei historisk utvikling, samfunnsgruppe eller liknande



Fyksesund bru - bygd i 1937.

Foto: Knut Markhus.

- Alder
- Autentisitet
- Identitet
- I tillegg bør prioriterte kulturminne ha eit brukspotensial for verdiskaping eller næring, samt vera eigna til pedagogisk formidling.

Kvam herad har vald å prioritera nokre overordna tema som gjev god forståing av og synleggjer Kvam herad si særskilde historie.

4.2 Kva for strategiar skal kommunen arbeida etter?

Kvam herad vil leggja følgjande strategiar til grunn for det vidare arbeidet med kulturminne og -miljø:

Vern

- Samarbeid med eigarar av kulturminne
- God og riktig informasjon til eigarar og innbyggjarar
- Ivareta og auke kompetansen om kulturminne, bruk, restaurering, og økonomiske tilskotsordningar i forvaltinga
- Samarbeid på tvers av etatar i kommunen
- Bevaring skal skje etter antikvariske prinsipp der det er mogeleg
- Ivareta prioriteringar ved hjelp av Gul liste og omsynssoner

Forvalting

- Aktiv verdisetting og prioritering i Gul liste og omsynssoner
- Effektiv, moderne og kunnskapsbasert forvalting som til ei kvar tid har tilgang på oppdaterte og digitaliserte databasar
- Effektiv sakshandsaming og god service til innbyggjarane.

Formidling

- Innbyggjarar og tilreisande skal få kunnskap om Kvam si historie gjennom god formidling av kulturminne og -miljø
- Digitale verktøy skal nyttast aktivt for å sikre og formidle historia for framtida, og gje reiskap til alle som ynskjer å formidle historia
- Den digitale informasjonen skal verta revidert og oppdatert i samband med gjennomgangen av kulturminneregistra til kommunen, slik at dei inneheld oppdatert informasjon om kulturminne og -miljø.

Verdiskaping

- Kvam herad skal leggja til rette for utvikling, i tett dialog med Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren
- Kvam herad skal finna gode løysingar for kulturminne basert på kunnskap og kompetanse
- Kvam herad skal hjelpe næringsdrivande som vil etablera og utvikla næring i kulturminne og kulturminnemiljø, slik at me saman finn gode og framtidsretta løysingar
- Kommunen vil leggja til rette for at innbyggjarar og vitjande kan oppleva kulturminne og -miljø, gjennom skilting osb.
- Kommunen skal så langt som mogeleg arbeida for at kulturminne vert tekne aktivt i bruk.

4.3 Gul liste

Kulturminne og -miljø som me ynskjer å ta vare på og utvikla vidare innanfor berekraftige rammer, er oppførte på ei «Gul liste». Lista skal supplera kulturminne og -miljø som er freda etter kulturminnelova, og som i hovudsak vert forvalta av overordna styremakter.

Lista er Kvam herad si eiga oversikt over spesielt viktige objekt og miljø. Gul liste skal verta forvalta lokalt, og oppføring på lista inneberer ikkje at kulturminne og kulturmiljø vert freda.

Kommunen kan sikra kulturminne og -miljø på Gul liste gjennom bruk av omsynssoner (plan- og bygningslova § 11-8) i arealdelen til kommuneplanen og gjennom regulering. Dette vil gjera det mogeleg å handsama kulturhistorisk viktige bygningar og anlegg som ein del av miljøet dei inngår i, og det set kommunen i stand til å planleggje langsigktig. Omsynssonane vil visa kva for viktige omsyn ein skal taka innanfor den avgrensa sona, og vil på det viset ha innverknad på ulike typar planlagd arealbruk.

4.4 Retningsliner til omsynssonar

Plan og bygningslova § 11-8 gjev høve til å setja eigne retningsliner for omsynssone bevaring. Kvam herad utarbeider spesifikke retningsliner ved politisk vedtak om regulering. Kvam herad har i kommuneplanen

(2006) gjeve generelle retningslinjer for nybygging og restaurering i stølsområde.

Kulturminneplanen fastset generelle retningslinjer for omsynssonene og for kulturminne og -miljø på Gul liste:

1. I sonane skal dei oppgjevne omsyna vere førande for arealbruken, byggje- og anleggstiltak.
2. Eksisterande hus, naust og uthus skal som hovudregel haldast ved like, utan vesentleg endring i materialbruk, farge eller storleik.
3. Steingardar, steinsette bekkefar, hagar, spesielle trær og andre element som er viktige for opplevinga av eit kulturhistorisk bygningsmiljø eller kulturlandskap, skal i størst mogeleg grad takast vare på.
4. Tiltak på bygningar og objekt med særleg verdi skal fylgje antikvariske prinsipp, jf. kap 3.9 om antikvariske prinsipp, der det er betre med vedlikehald enn å reparera, nytt tradisjonelle materiale, konstruksjonar og metodar, gjer det riktig i frå byrjinga mm.
5. Ved handsaming av søknader om frådeling og/eller nybygg skal eksisterande struktur, gateløp, høgder og volum vera førande.
6. Ved søknad om endring av eksisterande bygning skal sakshandsaminga vektlegge opphavleg stiluttrykk og utsjånad, slik at endringar vert tilpassa og underordna eksisterande bygningsmiljø og karakter.
7. Ved søknad om riving av bygningar i omsynssone eller på Gul liste skal ein leggje ved ein tilstandsanalyse som tydeleg viser omfanget av skadar, og ein skal klargjere kva for tiltak som må gjerast for å setja bygningen i stand. Forslag til erstatningsbygg bør liggja ved søknad om riving.

Tema og prioriterte kulturminne



Sandven hotell. Foto: Øyvind Strømmen.

5.1 Om gul liste i Kvam

I Kvam herad er det fleire bygg og spor etter menneske og busetnad som er automatisk freda etter kulturminnelova.

I tillegg er det bygg og busetnad som er vedtaksfreda etter kulturminnelova, gjeld mellom anna ungdomshuset Haugatun, eit av nausta i Vikøy, ei borgstove ved Strandebarm prestegård mm. (jf. mellom anna kap. 3.3 om «Kjente kulturminne og datagrunnlag»).

Kvam herad har og sikra, og regulert viktige kulturminne og kulturmiljø ved hjelp av plan og bygningslova. Dette gjeld mellom anna eit sjubruksmiljø ved Bruoset, Sandven hotell, Tingstova, Sjøhuset og byen i Ålvik.

Gul liste er kommunen si eiga liste over miljø som har lokal kulturhistorisk verdi, men den inneholder også område og bygg som kjem inn under kulturminnelova og plan- og bygningslova. Gul liste inneber ikkje noko formelt vern, men viser viktige områder, som har lokal kulturhistorisk verdi, der desse verdiane skal verta verdsett og takast omsyn til ved byggeprosjekt og planlegging.

5.2 Hus, gard og tun

Temaet omfattar først og fremst hus og miljø som høyrer til innanfor det tradisjonelle gardssamfunnet i Kvam. Går me litt tilbake i tid, var store deler av Kvam utprega bondesamfunn. Husa i gardstuna, særleg våningshusa og løene, prega korleis grendene såg ut. Jamt over var nøkternheit eit stikkord då bygga vart sette opp. Dei skulle fylla ein funksjon, og vart gjerne utvida når situasjonen tilsa det. Samstundes føydde utforminga av husa seg inn i ein stil som i noko grad hadde eit lokalt preg, med gjengs estetiske ideal. Uthus i grindverk, samanbygde hus og skifertak er mellom dei trekka som sermerker Kvam.

Tapet av tradisjonelle gardshus er stort i Kvam. Det er eit kulturminnetap, og tap av viktige estetiske element. Framover må det sikrast at bygningar av dette slaget i større grad vert teke vare på. Vern gjennom bruk må vera hovedstrategi, og i det ligg det at det i mange tilfelle bør vera opning for å gjera moderne tilpassingar og kombinera gammalt og nytt.

Gul liste

- Omaholmen (gnr. 132 bnr. 5 mfl.)
- Nestunet, Mundheim (gnr 140 bnr 3) – tradisjonelt tun med eldre bygningar, dels med opphavleg plassering og dels slike som er flytta til tunet seinare og restaurerte
- Tørvikbygd bygdemuseum (gnr 87 bnr 27), museet har mellom anna ei røykstove frå 1500-talet og eit kvernhus (eigd av Tørvikbygd ungdomslag).
- Nes gard, Norheimsund (gnr 34 bnr 1) – tidlegare lensmannsgard med fleire eldre bygningar
- Storeteigen (gnr 42 bnr 20) Øystese – godt bevart gardstun



Kinck-garden. Foto: Knut Markhus.



Tørvikbygd bygdemuseum. Foto: Knut Markhus.

- Tangerås, Strandebarm (gnr 121 bnr 3) – tun med våningshus i sveitserstil (Kinckhuset), eldre eldhus, bu og skule i eit heilskapleg kulturlandskap
- Vikøy prestegard (gnr 7 bnr 257, gnr 7 bnr 1, gnr 7 bnr 209 m.fl) – delar av prestegardstunet er freda etter kulturminnelova, men er og ein del av eit større kulturmiljø som òg inneheld Vikøy kyrkje, kyrkje-garden, Vikøy skolemuseum og naustrekka ved fjorden
- Norheim, Norheimsund (gnr 31 bnr 8) – grindbygd løe med nokre stavar frå mellomalderen
- Eikehaugen, Steinsdalen (gnr 19 bnr 714)– husmannsplass med samanbygt hus
- Krossnes, Vikøy (gnr 4 bnr 10) – samanbygt hus
- Eikeli, Øystese (gnr 45 bnr 1) – samanbygt hus
- Stykkjet, Skeie, Steinsdalen (gnr 21 bnr 6) – husmannsplass med samanbygt hus
- Hesthamarhuset, Norheimsund (gnr 11 bnr 57) – hus i sveitserstil
- Fykse (gnr 70 bnr 7 m. fl) – tunmiljø
- Botnen (gnr 62 bnr 3 m. fl) – tun
- Skåro (gnr 66 bnr 1) – gard
- Kjepso (gnr 79 bnr 1) – gard
- Nygård – Risbru (gnr 19 bnr 20 og 22) – utløer

5.3 Fjord, fartøy og fiske

Fjorden har til alle tider spelt ei viktig rolle for folk i Kvam. Mange stadar, først og fremst i Strandbarm, vart båtbygging drive som attåtnæring. I krinsen Omastrand utgjorde båtbyggjarane over halvparten av dei yrkesaktive mennene før 2. verdskrig. «Jaktefart med frakting av sild, torsk, jordbruksprodukt og ulike varer var ei viktig næring i Hardanger. I Kvam var det kring 80 fraktefartøy i 1880-åra.»

Til ein kvar gard høyde eit naust, og dei lange rekjkene med naust er eit karakteristisk innslag i kulturlandskapet i kommunen. Med si plassering i den attraktive strandsona, kan naust og naustmiljø vera utsette for eit større press enn andre bygningsmiljø.

Gul liste

- Mathilde –Hardardangerjakt –bygd i 1884.
- Bruosen, Strandebarm (gnr 120 bnr 16 m.fl) – kulturmiljø prega av tidlegare handelsverksemd, kyrkjeferd og funksjonen som elvehamn
- Stekka, Tørvikbygd (gnr 91 bnr 2 m.fl) – sjøbruksmiljø
- Vikøy (gnr 7 bnr 1 m.fl) – naustmiljø
- Fonnaland (gnr 5 bnr 1 m.fl)– naustmiljø
- Osen, Fitjadalen (gnr 44 bnr 1) – naustmiljø
- Norheimsund (gnr 11 bnr 13 m.fl) – naustmiljø
- Fosse (gnr 114 bnr 18 m.fl) – naustmiljø
- Laupsa (gnr 51 bnr 5 m-fl) – naustmiljø
- Vikedal (gnr 77 bnr 1)- naustmiljø
- Steinstø (gnr 71 bnr 2)– grindbygd naust
- Holmsund (gnr 33 bnr 5)– gardsmiljø med båtbyggjarverkstad.
«Som eit av få kulturminnemiljø i Kvam som syner småbruk kombinert med båtbygging/ fraktefart, bør verkstaden restaurerast. Sikring av bygningen må gjerast snarast.»

5.4 Reiseliv

Turisme og reiseliv har vore viktige næringar for Kvam sidan andre halvpart av 1800-talet, då nye kommunikasjonar opna Hardangerbygdene på ein annan måte enn tidlegare. Øystese og Strandebarm var populære stader hjå byfolk, som oppheldt seg «på landet» om sommaren. Hotell og overnattingstilbod vart etablerte fleire stadar i Kvam for å møte dei nye behova.

Gul liste

- Sandven hotell – gammal del (gnr 11 bnr 9) – hotell
- Eikeneset, (gnr 126 bnr 16) Strandebarm – sommarbustad og pensjonat
- Wallemtunet (gnr 21 bnr 26) Kvamskogen – leirstad

5.5 Forsamlingshus

Frå midt på 1800-talet og frametter vart bedehus, ungdomshus og andre forsamlingshus ein del av inventaret i kulturlandskapet òg i Kvam. Ikkje minst kristenrørsla har prega kommunen, og talet på

religiøse forsamlingshus – kyrkjer og bedehus – fortel om eit tydeleg kulturelt trekk ved bygdene våre. Skular og skulehus har også vore viktige forsamlingshus i dei fleste grendene både på dag- og kveldstid.

Gul liste

- Ungdomshallen i Norheimsund (gnr 11 bnr 49)
- Holmatun i Øystese(gnr 43 bnr 37)
- Folkets hus, Ålvik (gnr 77 bnr 1)
- Haugatun – Strandebarm (gnr 120 bnr 30 og 62)
- Songartribunen på Storhaug, Ålvik (gnr 77 bnr 1)
- Gravdal bedehus (146 bnr 15)
- Fosse bedehus (gnr 114 bnr 52)
- Vikøy kyrkje (gnr 7 bnr 257)
- Øystese kyrkje (gnr 44 bnr 726)
- Strandebarm kyrkje (gnr 118 bnr 51)
- Ålvik kyrkje (gnr 77 bnr 198)
- Gamleskulen (sløydsalen), Fykse (gnr 70 bnr 3)

5.6. Krig og okkupasjon

Kvam har ei rekke krigsminne spreidd rundt i heile kommunen. Den største samlinga finst på Innstranda fort på Hjartnes. Fortet vart etablert av okkupasjonsmakta i mai 1941 med franske krigsbytekanoner som hovudskyts, og oppgåva var å hindra alliert landgang via Hardangerfjorden.

Eit særmerkt krigsminne er hytta Steinbu, som ligg i fjellet mellom Steinsdalen og Strandebarm. Bua vart sett opp av lokale motstandsmenn i 1943, under dramatiske omstende.

Gul liste

- Innstranda fort (gnr 99 bnr 3)
- Bunker, Sandven (gnr 11 bnr 84)
- Steinbu, mellom Strandebarm og Steinsdalen (felles gnr 14 bnr 1 og gnr 15 bnr 1, 3 og 5)



Gravdal bedehus. Foto: Øyvind Strømmen.



Folkets hus i Ålvik. Foto: Knut Markhus.

5.7 Industriarv

Attåtnæringer og industri har satt sitt preg på Kvam i lang tid, frå båtbygging og sagbruk via møbelindustri og gruveverksemd til moderne storindustri i Ålvik.

Oppgangssagene på Stekka og Grind er viktige verneobjekt, og har vunne på å ha fått merksemd frå offentleg forvalting. Det er viktig å halda oppe både vedlikehald og bruk av sagene, som viktige døme på tidleg teknologi innan vasskraft og trebruk.

Gul liste

- Oppgangssag – Stekka (gnr 91 bnr 2)
- Oppgangssag – Grind (gnr 86 Bnr 2)
- Høyvika, Fyksesund (gnr 60 bnr 15) – serpentin- og kalkgruve, heishus for utskiping av talk
- Gravdal (gnr 146 bnr 2) – svovelkisgruve
- Nes gardssag på Mundheim (gnr. 140 bnr. 3)
- Ytre Ålvik (gnr. 75 bnr. 15) – kraftstasjonen ved elva
- Solheimsverkstaden (gnr. 10 bnr. 81)
- Ålvik industriarbeidarmuseum (gnr 77 bnr. 334)

5.8 Tettstader

Så lenge ferdsla på fjorden skjedde for segl eller rokraft, var Kvam ein avkrok, og prestegjeldet mangla eit tydeleg knutepunkt. I Sandvenfjøra var det likevel frå gammalt ein konsentrasjon for gardane i Steinsdalen ved utlaupet av Grovagjelsbekken, det som seinare vart til Norheimsund. Frå midten på 1800-talet, med dampskipstrafikken, vaks Norheimsund fram som eit senter.

Norheimsund fekk staten sin pris for mest attraktive stad i 2013. Arkitektoniske kvalitetar og gjennomført sentrumsplanlegging i Grova var viktige punkt i grunngjevinga. Området har verdifulle, eldre bygg, som Sandven hotel med Sjøhuset og Tingstova på eine sida, og naust på andre sida. Iversenbygget og Skaarhuset ved Straumhaugen er bygg av liknande karakter og alder. Alle desse har fått jamt vedlikehald. Grova vart herja av storbrann i 1932, og heile sentrumskjernen vart

Kulturminneplan for Kvam herad



Bunker på Sandven. Foto: Øyvind Strømmen.



Norheimsund, 1933. Foto: Jørgen Grundtvig-Olsen /
Spesialsamlingane ved Universitetsbiblioteket i Bergen.

lagt i oske. I løpet av dei to åra som følgde, vart området bygd opp att med fleire bygg i funksjonalistisk stil.

Ålvik vart etablert som industristad kring 1910, og i deler av bustadområda har det skjedd relativt få endringar i bygningsmiljøet fram til i dag. Området «Byen» vart planlagt og bygt ut som ein heilskap av arkitekt Nicolai Beer, og etablert i perioden 1910-36. Frå 1951 overtok Magnus Poulsson som arkitekt. Men òg andre delar av Ålvik har særeigen arkitektur med kulturminneverdi, som Skjeret, Elvely, Haugenjordet og Vikedal. Ålvik var eigen bygningskommune fram til 1965, og i årsmeldingane til A/S Bjølvefossen var «stedets forskjønnelse» i mange år et eige tema.

Gul liste

- Norheimsund sentrum (gnr 11 bnr 31, 41, 79, 24 og 16, gnr 11 bnr 6, gnr 11 bnr bnr 26, gnr 11 bnr 20, gnr 11 bnr 9 (Tingstova, sjøhuset og
- Sveitserhusdelen på Sandven hotell, gnr 11 bnr 13, gnr 11 bnr 10 og gnr 11 bnr 25) – kulturmiljø i sentrum
- Byen, Ålvik (gnr 77 bnr 321 m.fl) – kulturmiljø
- Haugenjordet (gnr 77 bnr 169 m.fl), Ålvik – kulturmiljø
- Skjæret (gnr 77 bnr 89) m.fl), Ålvik – kulturmiljø

5.9. Veg og ferdsle

Frå gamal tid var dei viktigaste vegane over land dei som batt Kvam saman med bygdelag som ikkje så lett kunne nåast sjøvegen, som Voss. Frå Voss drog dei til Hardanger etter salt, og ein av saltvegane mellom Voss og Hardanger gjekk over Hamlagrø til Botnen i Fyksesund. Over Kvamskogen gjekk det ein gammal ferdsleveg mellom Kvam og Samnanger og vidare til Bergen. Det var først etter 1850 at det vart fortgang i å byggja køyrevegar i Hardanger, både mellom bygdene og ut i regionen. Utbygginga hadde nær samanheng med framveksten av dampskipstrafikken på fjorden.

Fyksesund bru frå 1937 var lengste hengebrua i Nord-Europa då ho vart opna, og har store arkitektoniske kvalitetar.

Kulturminneplan for Kvam herad



2365.— TOKAJELET, HARDANGER.

K. KNUDSEN.

Postkort fra Tokagjel. Foto: Atelier K. Knudsen /
Spesialsamlingane ved Universitetsbiblioteket i Bergen



Fyksesund bru under oppføring. Foto: Truls Wiel Wilson /
Spesialsamlingane ved Universitetsbiblioteket i Bergen

Gul liste

- Kvelvingsbrua over sundet i Norheimsund sentrum
- Fyksesundbrua (frå Fykse til Strandens)
- Gamlevegen utanfor tunellen i Vangdalsberget (gnr 2 bnr 4 og 22)
- Dampskipsekspedisjonen på Bakka (gnr 127 bnr 15)
- Dampskipsekspedisjonen på Lundanes (gnr 42 bnr 3)

5.10 Utmarka før og no

I utmarka gjorde slåttebøar og stølar det mogeleg å halda oppe talet på dyr på garden. I kvammabygdene dominerte einstølsbruket i Strandebarm og tostølsbruket i Vikør. Fleire stadar finn ein enkle grindbygde hus, troskykkjer, på bøane. Dei same enkle grindverksbygningane finst òg som skogaløer. Den store utbreiinga av desse bygningane gjer dette til eit spesielt trekk ved Kvam.

Stølsdrift er eit godt ivareteke tema i det lokalhistoriske arbeidet i Kvam, og det føregår stadig merking og skildring av stiar og ferdslevegar i fjellet. Som kulturminnekategori kan me seia at stølar og ferdslevegane mellom dei har ein folkeleg status, og også fokus hjå kulturminnestyresmaktene. Likevel kan me sjå at enkelte stølsmiljø taper seg ved at bygg forfall eller at det vert gjort uehdige inngrep. Stølane sin verdi som kulturminne handlar om arkitektoniske verdiar og stølane som historieforteljar. I tillegg har stølane og stiane framleis ei rolle i landbruksnæringa, og dei er gode arenaer for aktivitet som styrkjer folkehelsa.

Den første hytta laga for fritidsbruk vart sett opp på Kvamskogen i 1912. Fleire hytter kom til, og på 1930-talet auka interessa for hyttelivet på Kvamskogen tydeleg. På 1950-talet fekk dei første hyttene innlagt straum, og ein var inne i ei stor utbyggingsbølgje der dei fleste hytteeigarane kom frå Bergen. Mange av hyttene vart laga med restar av gamle tyskarbrakker. Mot slutten av 1960-talet runda ein 1000 hytter, samstundes som campingvognene kom for fullt dette tiåret. På 1990-talet starta ein ny sterkt utbyggingsperiode med større hytter og betre komfort.



Frå dampskipkaien på Bakka. Foto frå Kvam herad sitt arkiv.



Reklamebilete for
Hardanger billag,
frå siste halvdel av 1930-talet.

Foto: Atelier K. Knudsen /
Spesialsamlingane ved
Universitetsbiblioteket i Bergen

Attåt hytteutbygginga på Kvamskogen kom rekreasjonsanlegg i form av løypenett og stiar/vegar for tur, og skitrekk for alpint. Mødalstrekket opna på 1960-talet, som eit av dei første skitrekkene på Vestlandet og det første norskproduserte. Mødalstrekket, også kalla Bondetrekket, er framleis i drift.

Gul liste

- Holsetestølen (gnr 111 bnr 1, gnr 113 bnr 1, m. fl, og gnr 114 bnr 1 m. fl.) – stølsmiljø
- Norheimsdalen (gnr 27 bnr 1 m.fl, gnr 31 bnr 1 m.fl) – stølsmiljø
- Fete (gnr 44 bnr 1, 4, 5,10 og 11) (Fitjadalen) - stølsmiljø
- Stuvasete (gnr 31 bnr 9 og gnr 31 bnr 5) – stølsmiljø
- Bjølvsete (gnr 74 bnr 1, gnr 75 bnr 1, gnr 75 bnr 2–6 og gnr 75 bnr 20) – stølsmiljø
- Øvre Steinskvandalen (gnr 19 bnr 16.17. og 18)
- Maovotni (gnr 20 bnr. 1 og 2)

5.11 Kulturlandskap

Fyksesund landskapspark vart skipa i 2007, og eit sett av ulike kulturminne og kulturmiljø er sentrale delar av eininga. Her finst gammalt bygningsmiljø og felemakarhistorie i Botnen, og fysiske spor etter gruve drift på begge sider av fjorden. Her er ferdslevegar og annan infrastruktur av ulike aldrar. Grenda Fykse er kjenneteikna av eit særskilt fint utvikla og ivareteke kulturlandskap, med eit tradisjonelt klyngesamfunn som midtpunkt. I 1999 vart Fykse tildelt Fylkesmannen i Hordaland sin kulturlandskapspris for den gode skjøtselen av kulturlandskapet. Men også dei andre grendene har store kvalitetar, som saman med landskapet sjølv løftar dette området.

Fyksesund landskapspark vart starta som eit lag for dei som bur og arbeider, har hytte eller eig grunn kring Fyksesundet. Føremålet er å leggja til rette for auka bruk av Fyksesundet og landskapet rundt, på ein slik måte at natur, kultur og landskap vert teke vare på.

Landskapsparken er eit konkret avgrensa område, med veglause Botnen inst i fjorden. På austsida ligg bygdene Klyve, Fykse, Bjørke og Steinstø.



Troskykje på Norheim. Foto: Knut Markhus.



«Parti af Fixesund i Hardanger», datert mellom 1895 og 1905.
Foto: Knud Knudsen / Spesialsamlingane ved Universitetsbiblioteket i Bergen.

På vestsida ligg Porsmyr, Flotve, Soldal og Rykkje. I det brattlendte fjordlandskapet har ein utnytta mest alt av lausmassar i gardsdrifta, og ved hjelp av sinnrike system av linestrengjer vart høyet frå slåtteteigar i ulik høgd over fjorden frakta opp eller ned til heimeløa.

Den naturlege avgrensinga av eit område med særlege natur- og kulturkvalitetar, gjer at me i plansamanheng bør vurdera å leggja ei omsynssone på området. Det er då viktig å ha føresegner som har ein god balanse mellom vern og utvikling av området. Ei omsynssone er eit stempel på at området er særskilt verdifullt, og med ei god innretning vil dette kunna løfta området.

Gul liste

- Fyksesund – frå Steinstø til Botnen og ut igjen Bjelkanes
- Nes i Mundheim (gnr 140 bnr 3) (kulturlandskap)
- Røyrvik (gnr 100 bnr 1 m.fl) (kulturlandskap)

5.12. Immateriell kulturarv og handlingsborene kunnskap

Musikk- og dansetradisjonen i Kvam er omfattande. Kommunen har gjennom lange tider til dømes hatt stor aktivitet innan kor og korps. Dette er viktig, men repertoar vil ofte vera likt med det ein finn andre stader. I kulturminneplanen er det rett å framheva det som er særskilt for Kvam – og det som er Kvam sine viktigaste bidrag til storsamfunnet.

Det som peikar seg ut, er hardingfeletradisjonen frå Botnen med sine forgreiningar. Hardingfela har status som Noreg sitt nasjonalinstrument, og utviklinga av denne fela er så tett knytt til Botnen at det er rimeleg å kalla dette for hardingfela sin fødestad. I ein av dei første årgangane av *Bergens Adressecontoirs Efterretninger*, i 1766, finn vi eit innlegg om «Fiol-Mageriet i Vigøers Præstegield». Den som vert rekna som den første utviklaren av den moderne hardingfela, er Isak Nilsson Skår (1669–1759). Det finst kring femten bevarte hardingfeler etter Isak Skår. Sonen Trond Isakson Botnen (1713–72) lagde kring 1 000 hardingfeler. 30–40 av disse er bevart. Han bygde òg den eldste norskbygde fiolinlen som framleis finst.



Botnen, inst i Fyksesundet Foto: Knut Markhus.

Hardingfeletradisjonen i Kvam og også den tilhøyrande folkedansen, vert i noko grad vidareført gjennom lagsverksemid som Kvam spel- og dansarlag og gjennom kulturskulen. Hardingfeleprosjektet Hardanger og Voss museum har saman med Ole Bull Akademiet arbeider fagleg innan feltet, med historia frå Botnen som ein viktig del. Det å vera opphavsstad for nasjonalinstrumentet er eit sterkt kort som bør meir i spel.

Geirr Tveitt (1908-1981) vert rekna som ein av Noreg sine viktigaste komponistar. Han kombinerte heimleg folkemusikk med kontinentale tradisjonar i komposisjonane sine, og han kombinerte livet heime på Tveit med reiser og bustad andre stader. Det er både materielle og immaterielle element i den kulturelle arven Tveitt etterlet seg. Til det materielle hører bygg og interiør på heimstaden Tveit, inkludert restane av komponistheimen Bjødnabrakane. Med hører òg mellom anna notar, foto, lydopptak, film. Men så kan ein seia at sjølve kunsten ikkje er notane, men musikken som kjem ut av notane. Då vert Tveitt sin musikkarv hovudsakleg immateriell.



Bunadskleddde koner frå Norheimsund utanfor Tingstova, ca. 1955.

I arkiv hjå Kvam herad, eigar: Margrete Apold.

Det å kunna laga tradisjonsmat er òg ei form for immateriell kulturarv som har ein status i Kvam. Det finst ei stor generell interesse for matlaging, ikkje minst for kortreist mat basert på reine råvarer. Her passar krotakaker og betasuppe inn, og slik lokal matkultur kan både skapa trivsel i kvardagen og vera næringsveg. Eit døme på det siste er Nørring i Øystese, som baserer sin matproduksjon på lokale tradisjonar og handverk. Det finst ei rekke verksemder i Kvam som har eit liknande utgangspunkt, i produksjon eller servering av mat og drikke.

Stadnamna våre er typisk immaterielle kulturminne. I Kvam har me stadnamn av nokså ny dato. Nokre av dei er offisielt godkjende, til dømes adresser som Villabyen i Ålvik, Ingebrigts Vik-vegen i Øystese, og Kaien og Nedstegata i Norheimsund. Andre lever berre på folkemunne, som Golan i Ålvik og Belsen i Steinsdalen. Me har òg namn som er svært gamle, til dømes dei som namneleddet –vin, som betydde «naturleg eng». Sandven er opplagt eitslikt. Mens språkforskarar

meiner òg at Øystese har utvikla seg frå å ha –vin i sisteleddet.

Stadnamna kan bera med seg både ein kulturhistorisk og naturhistorisk dokumentasjon. Gardsnamn kan fortelja noko om korleis garden vart teken i bruk og busett, og desse spelar ei særskilt rolle ved at dei fleste òg er nytta som slektsnamn. På ulike vis kan substansen i eit stadnamn gje ein ekstra verdi til staden. Universitetet i Bergen har ei liste på 16-17000 dataregistrerte og koordinatfesta namn frå Kvam, som har vore samla inn gjennom eit registreringsarbeid.

Ord og uttrykk er ein del av den immaterielle kulturen. Dialekten i Kvam er interessant, og kan ha ulikt preg frå grend til grend. Frå gamalt hadde Strandebarm og Mundheim, dels òg Tørvikbygd, mykje felles med sunnhordalandsdialekten. Folk i «gamle Kvam» snakka meir likt indre Hardanger. Indre Ålvik fekk ein særeigen dialekt med bokmålstrekk, som ei følgje av den store tilflyttinga som kom med industrireisinga. Framleis har dialektane med seg noko av desse ulike prega, samstundes som dei utviklar seg vidare, til dømes med innslag av engelsk.

Som mange stader, er ein del eldre lokale ord og uttrykk i ferd med å forsvinna. Det kan gje dialektane eit tap av nyansar og presisjonsnivå. Me kan òg registrera tap av konkrete ord og uttrykk som kan ha ein ekstra verdi, på liknande vis som andre kulturminne. Det er viktig kulturminnearbeid å dokumentera det som har gått ut av bruk, eller er i ferd med å gjera det. Men òg på dette området kan ein tenkja vern gjennom bruk, og gjera tiltak for at ord og uttrykk skal leva vidare gjennom daglegtale og skrift.

Kvam har sin eigen variant av hardangerbunaden, og kvammabunaden er slik eit særeige kulturminne for vårt område. Hardangerbunaden fekk etter unionsoppløysinga i 1905 status som nasjonalbunad, og vart kalla «nasjonalen». Dette gjev bunadstradisjonen i Hardanger ei ekstra tyngd. Den immaterielle delen av bunadstradisjonen er vel så viktig som det å ta vare på fysiske plagg. Kunsten å laga ein bunad og fella eit skaut er typisk handlingsboren kunnskap som må leverast vidare

frå person til person. Slik tradering føreset at det finst ei interesse for denne typen aktivitet, og her har musea og frivillig lagsverksemd ei nøkkelrolle.

Hardanger fartøyvernsenter kan kallast eit kulturminne i seg sjølv, men kanskje er det meir rett å seia at dette er ei verksemd som arbeider med og har ansvar for ei viktig samling kulturminne, både materielle og immaterielle. Senteret tek hand om fartøy av ulike aldrar og storleikar, og med ulik grad av verneverdi. I kulturminneplanen er det naturleg å trekkja fram den lokale småbåttradisjonen, og dei ulike handverka som høyrer med i framstillinga av denne.

Færingen strandebarmar vart produsert i småbåtverkstader i Strandebarm i eit stort omfang, særleg frå 1930-åra og fram til andre verdskriga. Så stor var eksporten av båttypen frå Strandebarm, at strandbarmaren truleg framleis er den mest vanlege båttypen i Sør-Noreg. Fartøyvernsenteret legg vekt på å utøva det handverket som skapte båtane. Den immaterielle kulturarven har rangen i mykje av senteret sitt arbeid, og her høyrer handverk som reipslaging med.

Viktige tema

- Hardingefeletradisjonen
- Geir Tveitt sin musikkarv
- Lokal song- og dansetradisjon
- Lokal matkultur
- Lokale stadnamn
- Dialekten – lokale ord og uttrykk
- Bandasmiing
- Kvammabunaden
- Strandebarmaren -båtbyggjartradisjonen

Handlingsplan

I handlingsprogrammet er ulike utfordringar vege opp mot kvarandre. Dette er meint å vera eit realistisk styringsdokument som skal styrkja kulturminnearbeidet i planperioden.

Stad	Tiltak	Resultatmål	Finansiering	Når
Ålvik	Utarbeide byggeskikkrettleiar for Ålvik	Rettleiar for godt vern og vidare utvikling av bygningsmiljø i Fabrikkstrømmen	Kommunale og regionale midlar.	2018
Heile kommunen	Registrera prioriterte kulturminne (Gul liste) i Askeladden	Digital database for viktige kulturminne i kommunen	Kvam herad har fått 50 000,- kr frå fylkeskommunen til å gjera arbeidet	2018
Heile kommunen	Legga inn omsynssoner i kommuneplanens arealdel, som tek vare på kulturminne av nasjonal, regional og lokal verdi. Det skal også takast med retningsliner som legg til grunn at saker som råkar kulturminne av regional og nasjonal verdi, skal sendast til fylkeskommunen.	Tydelege og formaliserte føringer	I samband med vedtak av kommuneplanen sin arealdel	2018
Heile kommunen	Starta arbeidet med plan for betre skilting og tilrettelegging av kulturminne	Betre tilrettelegging for kunnskap og oppleving	Hordaland fylkeskommune er i gang. Lokale lag og organisasjonar i Kvam	2019

Heile kom-munen	Oppretta byggeskikkpris	Bevisstgjering	Kvam herad	2019
Heile kom-munen	Kurs for unge omkring immaterielle kulturminne	Bevisstgjering	Kvam herad/ Grannehjelpa/ Kulturminnelag/ Hardanger og Voss museum	2019
Heile kom-munen	Kulturminnedag	Bevisstgjering	Kvam herad/ Hardanger og Voss museum.	2019
Heile kom-munen / Ålvik	Samarbeidsavtale mellom Norsk vasskraft og industristads-museum og Kvam herad	At Norsk vasskraft og industristadmuseum overtek det faglege ansvaret for Ålvik industriarbeidar-museum	Kvam herad. Administrativ oppfylging	2019
Nor-heim-sund mm	Krigshistorien i Norheimsund og Kvam	Kulturløype, dokumentasjon, kartlegging mm i Norheimsund og omegn	Reisemål Hardangerfjord/ Kvam herad/ Hardanger og Voss museum/ Kvam soge og kulturminnelag/ museum.	2019
Heile kom-munen	Bygg på gul liste skal vurderast i høve til redusert eigedoms-skatt	Bevisstgjering og oppfylging av utvalde tema i kulturminne-planen	Kvam herad. Administrativ oppfylging	2019
Heile kom-munen	Vurdera tilskots-ordning til prioriterte kulturminne i kommunen	Betre vilkår for eigarar av prioriterte kulturminne	Kommunal ordning, evt i samarbeid med Hordaland fylkeskommune	2020
Heile kom-munen	Støtta opp om prosjektet Dialektord og uttrykk frå Kvam	Betre oversikt over ord og uttrykk i frå Kvam	Samarbeid mellom Kvam herad og Kvam mållag	2020

Kulturminneplan for Kvam herad

Steins-dalen mm	Nyregistrering og prioritering av troskykkjer og andre inn- og utmarksbygningar	Redningsaksjon for truga kulturminne-type	Hordaland fylkeskommune, Kvam herad og grunneigarlag/bondelag/grendeutval og kulturminnelag	2020
Heile kom-munen	Registrering av naust-miljø	Redningsaksjon for truga kulturminne-type	Hordaland fylkeskommune, Kvam herad og grunneigarlag/grendeutval/bondelag og kulturminnelag	2021



Frå arbeidet med kulturminneplanen, her: synfaring på Nestunet.
Foto: Knut Markhus.

Kjelder

- N.G. Brekke (red.) 1993. *Kulturhistorisk vegbok: Hordaland*. Bergen: Hordaland fylkeskommune.
- P. Fett 1954a. *Førhistoriske minne i Hardanger 5. Kvam prestegjeld*. Bergen: Bergen museum.
- P. Fett 1954b. *Førhistoriske minne i Hardanger 6. Strandebarm prestegjeld*. Bergen: Bergen museum.
- E. Fossåskaret og F. Storår 1999. *Ferrofolket ved fjorden*. Bergen: Nord 4.
- E. Fossåskaret 2017. *Materiale vedrørende Ålvik, med relevans for Kvam kommunes kulturminneplan*. Notat.
- *Grindbygde hus i Vest-Norge*. Oslo: NIKU, 1999.
- *Grindbygde hus i Vest-Norge : eksemplersamling*. Oslo: NIKU, 2000.
- Fylkesdelplan for kulturminne 1999-2010 – Kultur viser veg
- T.S. Haukenæs 1888. *Natur, Folkeliv og Folketro i Hardanger 5: Vikør*. Bergen: T.S. Haukenæs.
- T.S. Haukenæs 1894. *Natur, Folkeliv og Folketro i Hardanger 8: Strandebarm*. Bergen: T.S. Haukenæs.
- P. Helland-Hansen 2014. *Strandebarmaren. Småbåtbygging i Hardanger*. Bergen: Kapabel forlag.
- W. Helland-Hansen (red.) 2004.: *Naturhistorisk vegbok: Hordaland*. Bergen: Bergen museum.
- K. Helle m.fl. (red.) 2006. *Vestlandets historie I-III*. Bergen: Vigmostad & Bjørke.
- R.F. Holmsen 1954. *Grindabygde uthus omkring Mundheim*. By og bygd 1954.
- Hordaland fylkeskommune PREMISS: KULTUR.
- Hordaland fylkeskommune: Kulturminneplan i kommunane (2013-2016).
- *Immaterielle kulturminne i Kvam*. Rapport frå Hardanger og Voss Museum, 2016.
- *Innstilling fra utvalget for sikring av høyt prioriterte fornminner*. Oslo: Norsk kulturråd, 1967.
- J.R. Myking (red.) 2015. *Hardanger, ei regionhistorie I-III*. Bergen: Fagbokforlaget.

- N. Kolle 1999. *Bygdebok for Kvam herad 2: Liv og lagnad på 1800-talet.* Norheimsund: Kvam herad.
- Y. Nielsen 1878. *Om nogle middelalderske slægter i det vestenfjeldske Norge.* Kristiania: A.W. Brøgger.
- A. Næss og O. Kolltveit 1950. *Strandebarm og Varaldsøy i gamal og ny tid I-II.* Bergen: Strandebarm og Varaldsøy bygdeboknemnd.
- O. Olafsen 1921. *Kvam i fortid og nutid.* Kvam: Heradet.
- O. Olafsen 1900. *Havebrugets og Frugtavlens Udvikling i Hardanger: en historisk Fremstilling.* Kristiania: Havedyrkningens venner.
- H.O. Opedal 1982. *Gamle handverk i Hardanger: smedar, snikkarar, skomakarar, skreddarar: folkeminne.* Utne: Hardanger folkeminnelag.
- H.O. Opedal 1995. *Hardingar på sjøen: ferdslé i fjordane og langs kysten.* Utne: Hardanger folkemuseum og Hardanger historielag.
- E. Røyrane 2011. *Fabrikkbyane i Hardanger.* Kvinnherad: Nord 4.
- M.E. Skutlaberg 1995. *Kvam i krig – minne frå krigsåra.* Øystese: Hardangerforlaget.
- B.T. Sørensen 2010. «Vor vi skal hen med vaares Last er ikke godt at sige». Litt om vestnorsk kystfraktefart i siste fjerdedel av 1800-tallet. F.-A. Stylegar (red.): *Mangesysleren. En vennebok til Svein Mjaatvedt (1941-2008).* Kristiansand: Vest-Agder fylkeskommune.
- A. Sømme 1957. Kvam, ei industrialisert fjordbygd på Vestlandet. *Vestlandet. Natur - busetnad - næringsliv.* Festskrift til Vestlandske Bondestemna 1932-1957. Bergen: Eide.
- *Troskykkjer og skogalører i Kvam.* Utkast til verneplan. Bergen: Fylkeskonservatoren i Hordaland, 1986.
- H.I. Vik 1994. *Garden og bygda. Kulturminne frå Øystese i Hardanger.* Øystese: Friske tankar.

Vedtak i Kvam heradsstyre, HST-055/18

Kvam heradsstyre vedtek i samsvar med plan- og bygningslova, jf § 11-15. Kommunedelplan for kulturminne i Kvam –«Med røter og føter i Kvam» med fylgjande endrings- og tilleggspunkt;

Pkt. 1.

Faktaopplysningar om SMIL-midlar og andre tilskotsordningar i landbruket for å ta vare på kulturminne mm vert tatt inn i planen.

Pkt. 2.

I handlingsplanen for kulturminne skal det takast inn at det i kommuneplanen sin arealdel, så skal det lagast omsynssonar og retningsliner som tek vare på kulturminne av nasjonal, regional og lokal verdi. Det skal også takast med retningsliner som legg til grunn at saker som råkar kulturminne av regional og nasjonal verdi, skal sendast til fylkeskommunen.

Pkt. 3.

I handlingsplanen skal det vera eit eige punkt som legg til grunn at i 2019, så skal bygg som er på gul liste vurderast i høve til redusert eigedomsskatt.

Pkt. 4.

Setninga om at: «Kommunen kan ikkje og skal ikkje taka vare på alt», vert endra til: «Kommunen må prioritera og sikra at dei viktigaste kulturminna vert teke vare på for ettertida».

Pkt. 5: I handlingsplanen skal det takast med at det i 2019 skal utarbeidast ein samarbeidsavtale der Norsk vasskraft og industristadmuseum overtek det faglege ansvaret for Ålvik industriarbeidarmuseum. Samarbeidsavtalen skal godkjennast av Kvam heradsstyre.

Pkt. 6.

Prosjektet, »Dialektord og uttrykk frå Kvam» vert tatt inn i handlingsplanen for 2020.

Pkt. 7.

I kap. 5.3 om fjord, fartøy og fiske skal følgjande setning vera med:
«Jaktefart med frakting av sild, torsk, jordbruksprodukt og ulike varer
var ei viktig næring i Hardanger. I Kvam var det kring 80 fraktefartøy i
1880-åra» og at Mathilde er eit levande døme på vern igjennom bruk
i frå den tida. Mathilde skal i tillegg vera ein del av gul liste.

Under gul liste om Holmsund, skal følgjande tekst takast med: «Som
eit av få kulturminnemiljø i Kvam som syner småbruk kombinert med
båtbygging/ fraktefart, bør verkstaden restaurerast. Sikring av bygnin-
gen må gjerst snarast.»

Pkt. 8.

Følgjande objekt og område skal vera med på gul liste:

- Omaholmen (gnr. 132 bnr. 5 mfl.)
- Nes gardssag på Mundheim (gnr. 140 bnr. 3)
- Solheimsverkstaden (gnr. 10 bnr. 81)
- Ålvik industriarbeidarmuseum (gnr. 77 bnr. 334)
- Øvre Steinskvandalen (gnr. 19 bnr. 16, 17 og 18)
- Måvotni (gnr. 20 bnr. 1 og 2)
- Mathilde

Pkt. 9

Faktafeil om deltakarar i planarbeidet, bilete og illustrasjonar vert retta
opp før planen vert ferdig trykt.

Pkt. 10.

Kulturminneplanen skal illustrerast med fleire bilete, figurar m.m. før
planen vert ferdig trykt.

Pkt. 11

Kulturminneplanen skal marknadsførast til husstandane i Kvam.



Kvam herad

